

Solund kommune

► **Planomtale**

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Vedteken i k.sak 002/2022 den 03.03.2022.



Hardbakke - © Lillian Herland

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Oppdragsgjevar: Solund kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: Anne Kristine Dyrdal
Rådgjevar Norconsult AS
Oppdragsleiar: Samfunns- og arealplanleggar, Arne Kringlen
Fagansvarleg: Samfunns- og arealplanleggar, Arne Kringlen
Andre nøkkelpersonar: Arealplanlegger, Ann Sissel Heilevang (plan og utgreiing)
 Planleggar, Lene Merete Rabben (naturmangfald)
 Landskapsarkitekt, Kjell Ove Hjelmeland (landskap)
 Arkeolog PhD, Ole Magne Nøttveit (Kulturarv)
 Siv. Ing GIS, Katrine Myklatun (plankart)
 Samfunns- og arealplanleggar, Arne Kringlen (kvalitetssikrar)
 Solund kommune (kvalitetssikrar)

J04	Dato	Justert etter høyring	anshe	akr	akr
D03	2020-09-24	For godkjenning hjå oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar sine kommentarar til versjon C02 er ivareteke/avklart.	anshe	akr	akr
C02	2020-02-27	Fyrste utkast til oppdragsgjevar sin gjennomgang	anshe	akr	akr
A01	2020-02-11	Til intern bruk - disposisjon og innhald i dei ulike kapittel.	anshe	akr	akr
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

► **Forord**

Det vart utarbeidd felles planprogram for areal- og samfunnsdelen. Planprogrammet vart godkjent/fastsett av kommunestyret den 31. august 2017.

Solund kommune vedtok gjeldande arealdel i kommunestyret 20.04.2010. Den er utarbeidd etter den gamle plan- og bygningslova frå 1985. Det er difor behov for endringar slik at den stettar gjeldande krav og standard for kommuneplan, og at ein får ein gjennomgang av arealbruken. Arealdelen skal syne kva arealbruk som er tillat i dei ulike områda av kommunen fram til neste rulling.

Føremålet med dette planarbeidet har vore å gjere tilpassingar av vedteken plan i forhold til:

- Å leggje til rette for utbygging knytt til eksisterande arealbruk på sjø og på land.
- Vurdere å leggje ut nye område for LNF- med spreidd utbygging, men utbygging må i størst mogeleg grad lokaliserast til eksisterande grender og tettstader, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
- Byggjegrense mot sjø skal fastsetjast i alle byggjeområde og LNF-med spreidd bygging.
- vurdere byggjeområde i kommuneplanen eller regulerte område som ikkje er realiserte, med tanke på vidareføring eller ikkje.
- Det er mange områder som vart sett av til framtidig byggjeområde i 2010 som det ikkje er starta utbygging i. For desse bør ein vurdere planlagt arealbruk på nytt og vurdere om det skal vidareførast i ny plan eller ikkje.
- I eksisterande reguleringsplanar der det ikkje er sett byggjegrense bør det vurderast å fastsetje byggjegrense i kommuneplanprosessen.
- Vurdere lokale vegbehov.
- Solund treng ei ny djupvasskai plassert der det er mogelegheiter for vidare utvikling av kaiareal og næringsareal i tilknyting.
- Omsyn til stormflo og venta havnivåstigning er ikkje godt nok innarbeidd i gjeldande kommuneplan. Dette må vektleggjast i revidering av kommuneplanen sin arealdel.
- Fiskeri- og akvakultur er viktige næringar i Solund kommune og ein må ta omsyn til næringane sine moglegheiter for utvikling i kommuneplanen.

Det er gjennomført ei siling av kva arealendringar som skal vurderast. Rådgjevar saman med administrasjonen har deretter justert areala slik at dei tek omsyn til skredfare, strandsone og andre sentrale tema i planarbeidet. Arealendringane har gått gjennom ei konsekvensvurdering og deretter lagt inn i plankartet.

Dei fleste endringane er små og rører ved område der areal er omdisponert eller inntil allereie omdisponert areal. Samtidig er det stor geografisk spreiing. Gjennomgangen syner for dei fleste områda, at konsekvensane av endringane varierer hovudsakleg frå ubetydelege til middels negative. Risiko- og sårbarheitsanalysen syner at endringane framstår som lite til moderat sårbare. Det er innarbeidd avbøtande tiltak i føresegnehene til planen.

Planen er utforma med utgangspunkt i politiske føringer, der planadministrasjonen har etablert vedtaksgrunnlag. Planen er utarbeida av Norconsult i nært samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Innhold

1	Innleiing	6
2	Føringar og mål for planarbeidet	7
2.1	Lokalt	7
2.2	Nasjonalt og regionalt	8
2.2.1	<i>Nasjonale rammer og føringar</i>	8
2.2.2	<i>Regionalt (fylket)</i>	9
3	Planprosess	11
3.1	Organisering	11
3.2	Medverknad	11
3.2.1	<i>Innspel</i>	11
4	Endringar i ny plan	17
4.1	Justering av byggeområde på land	17
4.2	Oppdatering av fare- og omsynssoner	17
4.3	Tettstadsutvikling Hardbakke	17
4.4	Vidareført arealbruk på land	18
4.5	Gjennomgang av byggeområde	33
4.6	Vidareført arealbruk i sjøen	36
5	Bygg og anlegg (§ 11-7, nr 1)	39
5.1	Arealutvikling	39
5.2	Bygg og anlegg	39
5.3	Bustader	40
5.4	Fritidsbustader	41
5.5	Offentleg eller privat tenesteyting	43
5.6	Forretning	43
5.7	Fritids- og turistføremål	43
5.8	Råstoffutvinning	44
5.9	Næring	44
5.10	Andre typer bygningar og anlegg	45
6	Grønstruktur	47
6.1	Friområde	47
7	Samferdsle og teknisk infrastruktur (§ 11-7, nr 2)	48
8	Landbruks-, natur- og friluftsområde – LNF (§ 11-7, nr 5)	50
8.1	LNF a (jf. pbl § 11-7, nr. 5, bokstav a)	50
8.2	LNF b: areal for spreidd bustad-, fritid – eller næring (jf. pbl § 11-7, nr. 5, bokstav b)	50
8.2.1	<i>Kombinert bustad og fritidsbustad</i>	50
8.2.2	<i>Bustad</i>	50
8.2.3	<i>Fritidsbustad</i>	52
8.2.4	<i>Næring</i>	52
9	Bruk og vern av sjø og vassdrag (§ 11-7, nr. 6)	54

9.1	Ferdsel	54
9.2	Farlei	54
9.3	Småbåthamn	54
9.4	Fiske	54
9.5	Akvakultur (A)	54
10	Omsynssoner (§ 11-8)	57
10.1	Sikrings- fare- og støysone	57
	<i>H110 – Sikringssone</i>	57
	<i>H200 – Støysone gul</i>	58
	<i>H310 – Ras- og skredfare</i>	58
	<i>H320 – Forventa havnivåstigning</i>	58
10.2	Omsyn til friluftsliv og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.	58
10.3	Bandlegging	59
	<i>H720 - Bandlegging etter naturmangfaldlova (H720)</i>	59
	<i>H730 - Bandlegging etter kulturminnelova</i>	59
	<i>H740 - Bandlegging etter andre lover</i>	59
10.4	Sone der reguleringsplan framleis skal gjelde (H910)	59
11	Barn og unge i planlegginga	60

1 Innleiing

Solund kommune dekkjer totalt 228 km² land og ferskvatn. Det er 771 innbyggjarar i kommunen per andre kvartal 2021 der om lag 400 av desse bur på Hardbakke. Hardbakke er den einaste grunnkrinsen som har hatt folkevekst sidan 2007. I dei andre grunnkrinsane har det anten vore nedgang i folketalet, eller heldt seg nokolunde stabilt.

Solund kommune har til saman 12 grunnkrinsar¹: Indrevær/Utvær, Hjønnenvåg, Kolgrov/Trovåg, Storøy/Dalesund, Strand/Oddekalv, Hardbakke, Nesefjord, Krakhella, Losna, Austrefjord/Dumbefjord, Hersvik og Færøy/Leknessund.

Arealdel til kommuneplanen er ein plan for forvaltning av kommunen sine areal. Den omfattar både land- og vassareal.

Arealdelen er det overordna styringsverktøyet for utbygging i kommunen som set rammer og føresethad for nye tiltak, og angir kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala. Planen blir lagt til grunn for vidare detaljplanlegging i forhold til både vern og utbygging, samt gir føringer for handsaming av bygje- og delingssaker. Gjeldande arealdel vart vedteken i 2010. Det er ikkje utarbeidd kommunedelplanar for spesielle område av kommunen.

Planforslaget omfattar:

- Planomtale som inneheld bakgrunn for val av løysingar.
- Plankart som er eit juridisk bindande dokument som saman med føresegne fastset den framtidige arealbruken. Kartet omfattar heile kommunen.
- Føresegner, som er juridisk bindande for arealbruk og planlegging. Desse inneholder også retningslinjer som gir føringer for arealbruken, men er ikkje juridisk bindande.
- Konsekvensutgreiing (KU).
- Risiko- og sårbarheitsanalyse.

Planforslaget som ligg føre er basert på vurderingar som er gjort greie for i konsekvensutgreiinga.

I plankartet er det skilt mellom noverande og framtidig bruk av areal. Føremålet «noverande» gjeld for dei områda som er vidareført frå eldre plan som er heilt eller delvis utbygd. Føremålet «framtidig» gjeld område som opnar for utbygging, desse kan vere med frå gjeldande plan eller dei kan vere nye i kommuneplanen av 2020.

Det er 6 hovudarealføremål, der alle har ei rekke med underføremål, og desse er vist på plankartet.

*) I tabellane betyr vidareføring at arealet låg i førre plan, og nytt areal betyr at det er nytt i KPA 2022.

¹ Grunnkrins er ein fast inndeling av kommunane i mindre einingar og er brukt av Statistisk sentralbyrå for å lage statistisk grunnlag for kommunal og regional analyse, forvaltning og planlegging.

2 Føringer og mål for planarbeidet

2.1 Lokalt

Kommuneplanen skal vere eit overordna politisk styringsverktøy, noko som inneber at hovudavklaringane for den framtidige arealbruken skal gjerast i kommuneplanen. Hovudavklaringane som skal gjerast i denne revisjonen, kjem av fastsett planprogram [1]:

- Byggegrense mot sjø skal fastsetjast i alle byggjeområde og LNF- med spreidd utbygging.
- Nye større bygggeområde for fritidsbustader vert ikkje prioritert.
- Vurdere å leggje ut nye område for LNF- med spreidd utbygging. Desse må i størst mogleg grad lokalisera til eksisterande grender og tettstader, og styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
- Avklare flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke.
- Vurdere lokale vegbehov.
- Avklare beste plassering av djupvasskai.
- Leggje til rette for meir areal til næring sentralt kring Hardbakke og i andre delar av kommunen.
- Akvakultur og reiseliv har arealkrav som bør drøftast.
- Det må leggjast særleg vekt på planlegging av sjøområda.
- Det må takast omsyn til fiskeri- og akvakulturnæringa sine moglegheiter for utvikling.
- Sikre næringsområde med rom for utviding.
- Ta omsyn til dei viktigaste kjerneområda for matproduksjon og kulturlandskap.
- Ta omsyn til miljø- og landbruksinteresser og unngå nedbygging av innmark.
- Nye tiltak bør ikkje planleggast i sårbare og utsette område.
- Omsyn til stormflo og venta havnivåstigning må vektleggjast.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 har følgjande mål for kommunen sin arealbruk:

1. Setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.
2. Ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte
3. Auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt.
4. Auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar.
5. Vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer

2.2 Nasjonalt og regionalt

Dei overordna måla i arealpolitikken er tydeleggjort i nasjonale forventningar til kommunal planlegging [2]. Hovudmålet er å arbeide for å nå FN sine berekraftsmål gjennom berekraftig forvaltning av areal og effektiv forvaltning i samsvar med FN sine berekraftsmål. Gjennom ein samordna arealpolitikk skal dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling verte sameina med dei nasjonale måla for å ta vare på natur- og kulturverdiar. I tillegg til dette kjem viktige regionale og lokale mål for arealpolitikken, fastsett i ulike fylkesdelplanar

2.2.1 Nasjonale rammer og føringer

I Plan- og bygningsloven [6] (pbl) sin føremålsparagraf (§ 1-1) står følgjande:

«*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner. Samfunnsplanlegging både på regionalt og kommunalt nivå er det konkrete verktøyet for å sikre dette.*

Nasjonale forventningar [7] til regional og kommunal planlegging vart vedteken ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019. I dette dokumentet er det peikt på kva omsyn fylkeskommunane og kommunane bør legge vekt på for å få gjennomført nasjonal politikk. I forventningsdokumentet er det fem hovedtema:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkriftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstader der det er godt å bu og leve
- Statlege planretninglinjer og statlege planføresegner

Sentrale lover og retningsliner som legg føringer for kommunal planlegging:

- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) [8].
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) [9].
- Lov om friluftslivet (friluftsloven) [10].
- Lov om jord (jordlova) [11].
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) [12].
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) [13].
- Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv. [14].
- Lov om kulturminner (kulturminneloven) [15].
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) [6].
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) [16].
- Lov om skogbruk (skogbrukslova) [17].
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) [18].
- Lov om forvaltning av vitlevande marine ressursar (Havressurslova) [19].
- Lov om Akvakultur (akvakulturlova) [20].
- Lov om klimamål (klimalova) [21]
- Forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2017-06-21-854) [22].
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014–2015) [23].
- Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bord. Meld. St. 9 (2011-2012) [24].
- Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand. St.meld. nr. 26 (2006–2007) [25].
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) [26].



Figur 1: Forsida til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019).

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming [27].
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag [28].
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen [29].
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (Kgl.res. av 25. mars 2011) [30].
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (Kgl. res. av 26.09 2014) [31].
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (kgl.res. 28. september 2018) [32]
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag [33]
- Lov om havner og farvann [34]

Med ny *folkehelselov* [9] vart det auka fokus på folkehelse i kommunane som gjer det nødvendig med nye grep og prioriteringar på dette området. Folkehelseperspektivet er forventa å bli integrert i all planlegging og verksemd, med ivaretaking av aktivitetstilbod, fysiske omgjevnadar og inkludering i samfunnet, bl.a. gjennom universell utforming.

For arealområde bygg og anlegg nemnast folkehelerelaterte underformål som sentrumsformål, forretningar, friluftsliv og idrettsanlegg. For arealområde samferdsel og teknisk infrastruktur nemnast folkehelerelaterte underformål som areal for hovudnett for sykkel og kollektivnett, medan det for arealområde grønstruktur nemnast naturområde, turdrag, friområde og parker. For arealformål landbruks- natur-, og friluftsformål kan følgjande folkehelerelaterte underformål inngå; naturvern, landskapsvern, kulturmiljø og kulturminne og natur- og friluftsområde.

I forhold til *universell utforming* er det eit nasjonalt mål at alle menneske i heile landet skal ha like moglegheiter til å utvikle sine evner og leve gode og meiningsfylte liv [27]. Universell utforming innebere ei inkluderande planlegging og utforming av produkta og omgjevnadar. Universell utforming legg til grunn mangfaldet av menneske og finne løysningar som kan brukas av alle. Universell utforming er forankra i plan- og bygningsloven [6].

Barn- og unge sine interesser skal ivaretakast i planlegginga. Føremålet er å:

- Synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.
- Gi kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin planlegging og byggesakshandsaming.
- Gi eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unge sine interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser. Retningslinene [29] stiller krav til fylkeskommunal og kommunal behandling.

2.2.2 **Regionalt (fylket)**

Fylkeskommunen har utarbeidd ei rekke regionale planar og strategiar som legg føringar og rammer for kommunane sitt planarbeid.

Vedtekne regionale planar:

- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020 [34].
- Fylkesdelplan for arealbruk er frå 2000 [35].
- Regional planføresegn for handel 2017 [36].
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 [37].
- Fylkesdelplan for landbruk [38].
- Regional plan for folkehelse 2015–2025 [39].
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 [40].
- Regional transportplan 2018-2027 [41].
- Regional plan for vasskraft [42].

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

- Regional plan for vindkraft [43].
- Verdiskapingsplan på nett [44].
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 [45].
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 [46].
- Regional plan for kultur (for tidlegare Sogn og Fjordane) [47].
- Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune [48].
- Regional planføresegn om lokalisering av handel, Sogn og Fjordane [49]

Planar under arbeid

- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv [50]

3 Planprosess

3.1 Organisering

Planarbeidet har vore organisert slik:

Kommunestyret:	Vedtaksorgan
Formannskapet:	Politisk styringsgruppe
Prosjektleiar:	Trond Sæbø Skarpeteig
Referansegruppe:	Arbeidsgrupper, Formannskapet og myndigheter.
Arbeidsgruppe:	Norconsult og administrasjonen i Solund.

3.2 Medverknad

Som oppfølging av planprogrammet vedteke i 2017, vart det halde fire arbeidsmøte i grendene i 2018, og eigne temamøte om arealbruk i sjø og framtid i Solund. Det var også halde eit eige møte med ungdommen i påska 2019. Kunnskapen frå desse møta legg føringar for revisjon av arealdelen. Administrasjonen har vore på møte med felles eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne og informert om arbeidet med planen og teke med innspel frå møtet inn i planarbeidet.

I folkemøta vart deltakarane sett i grupper der dei skulle svare på seks oppgåver fordelt på tre tema; bukvalitetar i Solund, næringsutvikling/arbeidsplassar og leve/bu i Solund.

Innbyggjarane peikar på at det bør leggast til rette for tilgjengelege attraktive tomter nær sjø/utsikt til sjø, variert bustadtibod i kommunen, gode kommunikasjonar internt og til/frå kommunen, digital infrastruktur og fleire arbeidsplassar når det skal leggast til rette for ny busetnad.

Dei beste kvalitetane ved å bu i Solund er tryggleik, engasjerte innbyggjarar, mogleg å bu ved sjøen, naturen, korte avstandar, gode kommunikasjonar til og frå kommunen og tett og godt samfunn.

Innbyggjarane seier at skal ein få ungdom til å sjå ein karriereveg i Solund må næringslivet synleggjera på karrieremessar, skule, sommarjobbar m.m. Samt leggje til rette for utdanning, små bustader, næringsretta tiltak, rekrutteringstiltak, arbeidsplassar for kvinner, og betre breiband og mobildekning.

Kva som skal til for å få ein brei arbeidsmarknad i kommunen peikar innbyggjarane på kontorfellesskap, næringslokale, samarbeid på tvers av bedrifter og kommunen, god kommunikasjon, leggje til rette for næringslivet, bustader i ulike typar miljø, informasjon om arbeidsplassar og rekrutteringstiltak.

Dei viktigaste faktorane for at folk skal trivast i kommunen er å ha trygg og meiningsfull jobb, ulike typar bustader og tomter, trygg veg og god kommunikasjon internt og eksternt, varierte fritidstilbod på ulike stader i kommunen og gode offentlege tenester.

Kva som er viktig for god inkludering av nye innbyggjarar er god intern kommunikasjon, ta godt i mot dei ved bl.a. å ha dei med på aktivitetar, gode kommunale tenester, ulike bueiningar i ulike bygder, språkopplæring, arbeid, stimulere til vedlikehald av kulturlandskap og tryggleik og sosialt liv.

3.2.1 Innspel

Det har kome ei rekke innspel til arealbruksendingar i planarbeidet. Det er gjennomført ei siling av kva arealendringar som skal vurderast, og etterpå har rådgjevar saman med administrasjonen justert areala slik at dei tek omsyn til skredfare, strandsone og andre sentrale tema i planarbeidet. Arealendringane har så gått gjennom ein konsekvensutgreiing. Areala som vart «friskmeldte» etter konsekvensutgreiinga er lagt inn i plankartet.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Arealbruken på land er endra innanfor vel 40 område som resultat av konsekvensutgreiingane. Dei fleste endringane er små og rører ved område der areal er omdisponert eller inntil allereie omdisponert areal. Samtidig er det stor geografisk spreiing.

Gjennomgangen syner for dei fleste områda, at konsekvensane av endringane varierer hovudsakleg frå ubetydelege (0) til lite negativ (-) konsekvens. Risiko- og sårbarheitsanalysa syner at endringane framstår som moderat til svært sårbare. Det er innarbeidd avbøtande tiltak i føresegnene til planen.

Konsekvensutgreiingar gjennomført etter høyring på planprogrammet, før 1. høyring:

Ident.	Stad	Føremål	Merknad
A1	Indrøy	LNF-spreidd kombinert for fritidsbustad og bustad	Utvide området for LNF-spreidd for fritidsbebyggelse, men endre til kombinert bustad og fritidsbustad.
A2_1	Søre Hjønnnevåg	Småbåthamn	Ynskjer at det vert sett av eit område langs LNFB06 i Søre Hjønnnevåg til småbåthamn.
A2_2	Søre Hjønnnevåg	LNF- spreidd for bustad	Ynskjer å utvide/justere grenser for LNFB06 slik at også nytt bustadhuis i området kjem heilt innanfor grensa for LNFB06. Også er det ynskje om at bebyggelsen i nord ved sjøen kjem innanfor spreidd-området.
A8	Kverhella	Molo	Det er ynskje om å leggje til rette for molo for å gjøre bukta sikrare mot bølgjer, og leggje til rette for tilflott i vest.
A9	Kverhella	Fritidsbebyggelse	Utvide området sett av til fritidsbebyggelse H04.
A10	Kverhella	Utvide området sett av til næring i gjeldande plan.	Næring
A12	Kverhella	LNF-spreidd for bustad	Utvide området sett av til spreidd bustad
A20	Kverhella	Fritidsbebyggelse	Setje av eksisterande bruk til hytteområde.
A14	Ytrøygrend	Næring og hamn	Omdisponere småbåthamna til hamn, og forretning til næring.
B2_3	Leknessund	LNF- spreidd for bustad	Utvide området for spreidd bustad.
B5_1 og B13	Kråkesundet	LNF-spreidd for bustad	Det aktuelle området ligg i Kråkesundet, på Svisskolten. Ynskje om å leggje til rette for bustader.
B33	Kråkesundet	Næring	Setje av eksisterande areal, samt potensiale for utviding.
B13	Kråkesundet	LNF-spreidd for bustad	Ynskje om å leggje til rette for bustader.
B6	Saltskår	Fritids- og turistføremål.	Ynskjer å sette opp 2-3 rorbuer for utleige i søre del av område N29
B26	Saltskår	LNF-spreidd for bustad	Utvide området for spreidd- område
B22	Saltskår	Næring	Ynskjer å omdisponere området til næring/fiskeri med å byggje båtkai for store fiskebåtar
B30	Saltskår	Næring	Ynskjer å omdisponere området til næring/fiskeri med å byggje båtkai for store fiskebåtar

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

B31	Saltskår	Andre typar bygningar og anlegg (naust)	Ynskje å føre opp sjøhus/naust
B37	Buskøy	LNF-spreidd næring	5 minihytter bygget i tre med utslippsfrie toalettlösninger (gass) og solcelleanlegg på Norde Myra, Buskøy. Størrelsen vil vere på 25-30 kvm. Det er ikkje tenkt noko infrastruktur, verken veg eller straum til hyttene, berre ein enkel sti.
B38	Avløyp	LNF spreidd for bustad og hytte	Ynskjer å utvide spreidd-området for å få ei meir hensiktsmessig busetjing/bruk.
C1	Steinsund	Næring og fritidsbebyggelse	Utvide hytteområdet til å få med heile eigedomen innanfor føremålet, og setje av til næringsområde på kaia. Det vil kunne vere høve for å sette opp næringsbygg ved kai.
C2_1 og C_2	Valen	Friområde og småbåtanlegg	Utvide småbåthamna nordover og sette av neset til friområde.
C5	Hardbakke	LNF- spreidd næring	Ynskjer utviding sør/søraust for Solund leileighetshotell
C6	Lia	Næring	Ynskjer kontorlokale og produksjon av settefisk på land, og lukka anlegg for produksjon av postsmolt i sjø.
C7_1	Leirvågen	LNF- spreidd for fritidsbebyggelse	Ynskjer å gjere om bustadfeltet om til spreidd fritidsbustad.
C7_2	Leirvågen	LNF-spreidd for bustadbebyggelse	Ynskje om å setje av til spreidd bustadbebyggelse.
C7_3	Leirvågen	LNF-spreidd for fritidsbebyggelse	Ynskje om å setje av til spreidd fritidsbebyggelse.
C13_1	Tangenes	Andre typar bebyggelse og anlegg (naust)	Ynskje om å setje av til naust.
C15	Tangenes	LNF-spreidd for bustadbebyggelse	Ynskje om å setje av til spreidd bustadbebyggelse
C13_2	Tangenes	LNF-spreidd for næring	Ynskje om å etablere «tiny house village». Sette opp mellom 5-10 små grindbygg i vestnorsk byggjestil i eit klyngetun.
C18	Prestegardsmarka	Friområde	Utvide friområdet nordover ved å omdisponere delar av bustad- og hytteområde som er sett av i gjeldande plan.
C24	Hardbakke	Lufthamn	Ynskje om å setje av til landingsplass for redningshelikopter.
C25	Hardbakke	Bustad	Området ligg vest for Kystarboretet, og det er ynskje om å utvide dagens bustadføremål
C26	Hardbakke	Bustad	Området ligg sør for hovudvegen ved regulert bustadfelt i Sildevika, og det er ynskje om å utvide dagens bustadområde, samt bustadområdet som er avsett i gjeldande plan.
D1	Krakhella	LNF-spreidd for hytte	Utviding av spreidd- bustadområde.
D10	Mot Kråkenes	LNF-spreidd for hytte	Området er mellom Eide og Kråkeneset, langs nyetablert veg.

Planomtale

Kommuneplanen sin areal del 2020-2032

D6	Pollen	LNF-spreidd for bustad	Utviding av spreidd- bustadområde.
D5	Pollen	Næring	Ynskjer å vidareutvikle drifta av fiskeri ved å føre opp kaiar m.m.

Arealbruken på sjøen er endra innanfor vel 18 område som resultat av konsekvensutgreiingane. Dei fleste endringane er utvidingar av eksisterande akvakulturlokalitetar som er teke i bruk. Det er i tillegg 4 nye reine akvakulturlokalitetar og 5 område for fleirbruk; natur, fiske, friluftsliv, ferdsel og akvakultur.

Gjennomgangen syner for dei fleste områda, at konsekvensane av endringane varierer hovudsakleg frå ubetydelege (0) til lite negativ (-) konsekvens. Det er innarbeidd avbøtande tiltak i føresegnene til planen, og konsekvensane knytt til fleirbruksområda skal reduserast ved bruk av miljøkrav.

Konsekvensutgreiingar i sjøområde gjennomført før 1. høyring:

Ident.	Stad	Føremål	Merknad
A3	Kverhelleskjeret	Akvakultur	
A13	Seiskjeret	Akvakultur	
B3	Drivøyosen	Akvakultur	
B18_1	Saltskåren S	Akvakultur	
B18_2	Ospa	Akvakultur	
B18_3	Gåsvær	Akvakultur	
B28	Bjørnholmen	Akvakultur	
B35	Risholmen	Akvakultur	
C11_2	Fureholmen S	Akvakultur	
C11_3	Bukkeholmen	Akvakultur	
C11_4	Juvika	Akvakultur	
C11_5	Kråkenes S	Akvakultur	
Delområde 1	Vest for Utvær	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Området er lokalisert i opent hav heilt vest i kommunen
Delområde 2	Nord	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Området er lokalisert frå Buefjorden og sørover til Lågøyfjorden, samt austover til og med Leknessundet.
Delområde 3	Ytre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Området er lokalisert i Ytre Sula.
Delområde 4	Midtre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Området er lokalisert i midtre delar av Solund
Delområde 5	Indre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Området er lokalisert i austre delar av Solund.

Konsekvensutgreiingar gjennomført etter høyringa på planen, sidan 1. høyring:

Ident.	Stad	Føremål	Merknad
A3	Kverhelleskjeret	Akvakultur	Utviding av eksisterande areal, ca. 160 meter i sørvestleg retning for å kunne søkje om anleggsendring eller mindre justeringar i framtida. Oppdrett av laks/tare
A15	Gåsvær	Hamn	Forlenge eksisterande kaiområde vestover
A40	Langøy	Akvakultur	Utviding av eksisterande areal

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

C27	Hardbakke	Parkeringsplass	Omdisponere næringsarealet til parkeringsplass. Parkeringsplassen er bygd, og det er ikke ønskjeleg med næringsområde.
C28_2	Hop	LNF-spreidd for bustadbebyggelse	Utvide område for LNF bustad.

Sidan 1. høyring har det også blitt gjort ein del endringar knytt til område som vart gjort konsekvensutgreiingar på før 1. høyring:

Ident.	Stad	Føremål hausten 2021	Endring
A9	Kverhella	Fritidsbebyggelse	Teke ut etter ønskje fra grunneigar. I strid med strandsonevernet.
A3	Kverhella	Akvakultur	Endra lokalisering etter ønskje fra akvakulturaktør
B18_3	Gåsvær	Akvakultur	Teken ut grunna konflikt med naturmangfold.
C6	Lia	Næring	Er redusert grunna tilflotsrett.
C7_3	Leirvågen	LNF spreidd hytte	Endra til LNF spreidd kombinert bustad og fritidsbustad. Det er ønskjeleg med bustadareal nær Hardbakke
C13_2	Tangenes	LNF spreidd bustad	Endra til LNF spreidd næring, då det er dette som er tenkt
D1	Kverhella	Fritidsbustad	Teke ut etter ønskje fra grunneigar. Arealformålet låg på innmark
D5	Pollen	Næring	Redusert etter ønskje fra grunneigar. I strid med strandsonevernet.
D6	Pollen	LNF-spreidd for bustad	Teke ut. Det er i strid med strandsonevernet. Det er likevel gjort ei mindre justering i tråd med grunneigars ønskje.

Etter 2. gongs høyring er det gjort følgjande endringar:

Ident.	Stad	Føremål hausten 2021	Endring
I4*)	Makrellkyllaren, Haldorsneset	Næring	Teke ut grunna konflikt med strandsonevernet og naturmangfold.
AB9*)	Hardbakke	Naust og sjøhus	Teke ut gunna konflikt med strandsonevernet og landskap.
SH Teigeneset N	Hardbakke	Småbåthamn	Teken ut grunna konflikt med strandsonevernet.
SH Teigeneset N	Hardbakke	Småbåthamn	Teken ut grunna konflikt med strandsonevernet.
N33*)	Strandavågen	Reiseliv og turistformål	Redusert for å unngå utfylling i verdfullt gruntvassområde.
N57*)	Sjønesvika	Næring	Redusert arealet for å unngå myr.
B3	Drivøyosen	Akvakultur	Teke ut grunna konflikt med naturmangfold.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

B18_2	Ospa	Akvakultur	Flytta 200 meter mot sør grunna konflikt med naturmangfald.
Delområde 1	Vest for Utvær	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Teke ut grunna planfaglege utfordringar.
Delområde 2	Nord	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Teke ut grunna planfaglege utfordringar.
Delområde 3	Ytre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Teke ut grunna konflikt planretningslinjer.
Delområde 4	Midtre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Teke ut grunna planfaglege utfordringar.
Delområde 5	Indre	Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel, akvakultur (NFFFA)	Teke ut grunna planfaglege utfordringar.

*) Visar til arealformålsnamn.

4 Endringar i ny plan

4.1 Justering av byggeområde på land

Det er sett av mange byggeområde i gjeldande kommuneplan med god variasjon i utbyggingspotensiale utover heile Solund. Det har difor ikkje vore det største behovet for endringar på land. Endringane har for det meste dreia seg om utviding av eksisterande arealbruk, spesielt spreidd- område.

Nokre av utbyggingsområda i gjeldande plan er blitt erstatta av reguleringsplanar.

Tabell 1 Viser tal daa byggeområde og friområde i gjeldande plan frå 2010 i forhold til byggeområde og friområde i planframlegget

Føremål	Daa bygge- og friområde i kommuneplanen sin arealdel frå 2010	Daa bygge- og friområde i framlegg til ny plan, 1. gongs høyring	Daa bygge- og friområde i framlegg til ny plan, 2. gongs høyring	Endring i daa frå kommuneplan 2010 til høyring 2021
Bustad	609	771	579	- -30
Fritidsbustad	1535	1279	639	- 896
Næring	1200	1132	852	-348
Spreidd- bustad	1088	1046	1002	- 86
Spreidd fritidsbustad	92	198	136	+44
Friområde	495	1155	1155	+782

Den nye arealplanen vil gjere det mogleg med ei viss bustadutvikling i Solund, samt utvikling av spreidd- og fritidsbustad, i tråd med den utviklinga som ein kan forvente. Område for fritidsbebyggelse er betydeleg redusert, og det gjeld mange stadar i Solund. Ein kan sjå igjen på rekneskapen at friområde har auka, dett er som eit resultat av at eit arealformål sett av til fritidsbustadar i planframlegget i hovudsak er endra til friområde. Arealrekneskapet visar tydeleg at det har blitt gjort ein gjennomgang av alle arealformåla i planen, både nye og gamle. Talet dekar som er lagt arealformål på, på land, er redusert med om lag 25 % frå kommuneplanen frå 2010, medan friområda er auka med 230 %.

4.2 Oppdatering av fare- og omsynssoner

Det er med fleire omsynssoner i den nye planen som gir føringar på kvar det må takast spesielle omsyn. Dette gjeld blant anna bandlegging etter naturvernlov og støy. For dei omsynssonene som er handtert i gjeldande plan er desse blitt oppdaterte iht. oppdaterte kartleggingar, som bl.a. skredfare, høgspentline, kulturminne og nedslagsfelt for drikkevatn. Det er knytt føresegner til desse sonene som seier noko om kva omsyn ein må ta.

4.3 Tettstadsutvikling Hardbakke

Hardbakke er kommunesenter, og er sentralt plassert i kommunen. Det er den største bygda og har størst aktivitet når det gjeld fritid, næring og arbeidsplassar. Alle offentlege instansar er samla her, samt barnehage og barne- og ungdomsskule. Hardbakke er den einaste grunnkrinsen som har hatt folkevekst sidan 2007.

Gjeldande kommuneplan har løyst arealbruken på Hardbakke på ein god måte. Det er likevel tatt nokre nye grep i planforslaget. Dei to bustadområda på sørsida av fylkesvegen er utvida for å få god tilgang på bustadtomter den neste planperioden. Det avklarast i politisk prosess kva område som skal regulerast først av bustadareala i kommunesenteret.

Mesteparten av hytteområdet på Prestegardsmarka er blitt omdisponert til friområde, resten er endra til LNF. Dette for å vidareutvikle eksisterande friområde som er blitt meget populært for innbyggjarane. Dersom det skulle vere aktuelt å løyse andre ting på Hardbakke kan dette skje gjennom reguleringsprosesser.

Det vart sett på ulike alternativ til å etablere djupvasskai og næringsareal både på Hardbakke og i nærlieken av Hardbakke. Ein fekk ikkje landa på nokon gode løysingar, og det vart politisk einigheit om å ta denne problemstillinga på eit seinare tidspunkt. Då anten ved neste rullering av KPA eller reguleringsplan med planprogram og KU.

Det er behov for nye vasskjelder i Hardbakke i framtida, og dei planlagde kjeldene har innverknad på etablering av bebyggelse og utviklinga av reisemål og friområde. Grunnen til det er at omsynssona for nedslagsfelt er lokalisert innanfor desse areala.

Helse Førde har spelt inn at det er stort behov for landingsplass for helikopter i Hardbakke. I dag landar dei ved grendehuset. Det er sett av areal til dette i plankartet.

4.4 Vidareført arealbruk på land

Mange arealformål i gjeldande kommuneplan fra 2010 er blitt vidareført til det nye forslaget, men det er føreteke ei vurdering av alle formåla i planen. Alle vidareførte arealformål skal vurderast opp mot endringar i lovverk, nye nasjonale og regionale føringer for arealpolitikken og ny kunnskap. Aktuelle tema som har nasjonale og regionale interesser er; attraktive og klimavenlege by- og tettstadområder, barn og unge, folkehelse og universell utforming, støy, ureining (luftkvalitet og grunnureining), klima og energi, samfunnstryggleik og beredskap, jordvern, blågrøne strukturer, varehandel, landskap, naturmangfold, friluftsliv og vassdrag. Nedbygging av myr har i seinare tid blitt strengare, og det er difor gjort ei vurdering av dette temaet også, både myr som naturtype, og som karbonlager.

Arealformåla, som seier kva eit areal skal brukast til, må og sjåast i samanheng med oppdaterte omsynssoner. Desse kan til dømes vere rasfarlege soner (fareområde) eller område som er verna gjennom anna lovverk (bandleggingssone). For komplett oversyn over kva omsynssoner som ligg i planen og kva rammer dei set for utviklinga må ein lese plankartet og føresegnerne. Omsynssoner med tilhøyrande føresegner legg føringer på utviklinga i områda og ligg over både eksisterande og nye arealføremåla i kartet. Dette er ein av måtane endringar i rammeverket sidan førre revisjon vert fanga opp. For dei områda som ikkje er utbygd er det krav om reguleringsplan, og for desse områda vil dei nasjonale og regionale interessene også gjere seg gjeldande ved utarbeidning av planforslag. Det same gjeld i byggjesaksprosessen.

Under har vi gjort ei overordna vurdering for aktuelle tema for eksisterande byggjeområde. Etter vår vurdering er det tema myr, strandsone og kystlynghei som er særskilt viktig i Solund og dei er dermed særskilt vurdert.

Folkehelse og universell utforming

Vurderinga av verknader av ulike tiltak etter planen og planen som heilskap for folkehelse tek utgangspunkt i folkehelseprofilen i 2021 som gir eit bilet på dagens situasjon. Her ser ein at kommunen har lite til ingen utfordringar som er særleg relevante for konsekvensutgreiinga til kommuneplanen sin arealdel. Solund kommune er blant dei ti beste i landet når det kjem til helserelatert atferd, helsetilstand og miljø, samt skader og ulukker. Føresegnerne §§ 1.7.1 og 4.1 sikrar at det vert lagt til rette for universell utforming i samband med planlegging og gjennomføring av tiltak.

God heilsakpleg arealforvaltning er med å bidra til slik positiv utvikling. Både eksisterande og nye byggjeområde er i stor grad knytt til den eksisterande grendestrukturen i kommunen og legge grunnlag for framleis god folkehelse

Eksisterande byggjeområde er ikkje endra med tanke på tema folkehelse og universell utforming. Nye føresegner §§ 1.7.1 og 4.1 sikrar at det vert lagt til rette for universell utforming i samband med planlegging og gjennomføring av tiltak.

Barn og unge

Solund er heldig stilt med at uansett kvar ein legg til rette for utbyggingsføremål er det god tilgjenge til natur, strandsone og vatn som betrar tilhøva for uorganisert leik og andre aktivitetar.

I planforslaget er det teke omsyn til barn og unge gjennom å ha eit fokus på kvalitet og tryggleik ved utforminga av føresegner og retningsliner for utbygging. Det er blant anna sett krav i føresegnene at det skal setjast av minimum 25 m^2 til leikeplass pr bueining til leik og naturoppleveling, og at leikeareala skal skjermast/plasserast vekk frå biltrafikk og ikkje vere støyutsette, jf. §§ 1.7.2 og 7.1.2. I § 7.1.6.

Klima og energi

Miljødirektoratet si oversikt over klimagassutslepp i Solund viser at sjøfart står for stor del av utsleppa, ca. 64.000 CO₂-ekvivalentar. Jordbruksutgjør 1805, medan vegtrafikk utgjer 498 CO₂-ekvivalentar. Det er 12 myrområde som er innanfor utbyggingsføremål i kommuneplanen, noko som utgjer ei omdisponering på totalt 30 daa. Dersom myrområda blir utbygd vil dette få ein negativ klimaeffekt der endringa medfører høgare utslepp, eller lågare CO₂ frå atmosfæren. Utifra berekningane frå miljødirektoratet viser at den totale nettoeffekten av endringa over 20 år blir på ca. 1760 tonn CO₂-ekvivalenter dersom ein bereknar at alt blir utbygd. I forhold til klimagassutslepp ved omdisponering av myr har arealplanen syta for at myrområda ikkje vert bygd ut ved å sikre dette i føresegnene § 1.9.6.

Disponeringane i arealplanen har lite innverknad på arbeidet med lågare utslepp frå sjøfart, jordbruksdrift og køyretøy. I arealplanen for Solund har det viktigaste for klimagassutslepp vore å leggje til rette for arbeidsplassar der det er busetjing, og leggje opp til fortetting av eksisterande område.

Kraftlinene frå NVE er tatt inn i plankartet med omsynssoner, og med tilhøyrande føresegner § 7.1.6 som sikrar at desse vart tatt omsyn til i planleggings- og utbyggingsprosesser.

I gjeldande plan frå 2010 var det sett av to restriksjonsområde for vindpark. Begge områda er avslutta konsesjonshandsaming for. Den eine søknaden er trekt, medan det andre, ytst i kommunen, er avslått. Det vart drøfta politisk om ein skulle vidareføre desse til nytt planforslaget, men det var fleirtal for å fjerne desse frå planen.

Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde

Hardbakke er den einaste tettstaden i Solund og den har eit innbyggartal på kring 400. Det er i kommuneplanen sett av område til utbygging for bustader og næring på Hardbakke.

I resten av kommunen er det lagt opp til fortetting i område som allereie er tatt i bruk. Fortetting i grendene vil ikkje vere det same som fortetting på for eksempel Hardbakke, då folk buset seg i grendene fordi dei ynskjer andre kvalitetar enn det dei kan finne i eit bustadfelt. Det er lagt opp til at nybygg i grendene vert oppført i nærleiken av eksisterande bebyggelse. Naboar i trygg avstand medfører at born og unge kan møtast utan at foreldra kører dei, og det blir færre stopp for skulebussen.

Solund sin strategi er å leggje opp til spreidd bustad- og næringsstruktur som gjev moglegheiter i heile kommunen, sjølv om vi veit det ikkje blir bygging overalt. Dette er del av kommunen sin langsigtsige arealbruksstrategi som kan vidareførast i mange planperiodar. Spreidd bustadstruktur gjer at innbyggjarane i stor grad er avhengig av privatbil, men også båt i dei delar av Solund som ikkje er tilknytt veg. Men i den store samanhengen utgjer dette lite med tanke på dei ca. 375 innbyggjarane dette dreier seg om som bur andre stader enn på Hardbakke.

Friluftsliv

Områda som er registrert som friluftsliv er sett av til omsynssone for friluftsliv i planen med tilhøyrande føresegner i planen, jf. § 7.2.1. I føresegnene § 1.7, pkt. a er det sett krav til at friluftsliv skal ivaretakast gjennom detaljplanlegging for dei områda som inngår i reguleringsplan. Vidare er det sett eit generelt krav til at i 100-metersbeltet skal ein ta omsyn til friluftsliv, jf. § 1.9.4. Og i § 2.1 er det sett krav til at det skal leggjast til rette for god tilkomst til natur- og friluftsområde ved planlegging av bustadområde. Der det er naturleg skal det setjast av areal til passasje mellom tomter, samt mellom tomter og hindringar (fjell, sjø, vatn m.v.) for a sikre tilkomst til natur- og friluftsområde.

Alle tiltak i planleggings- og utbyggingsprosessen må dermed ta omsyn til friluftsliv.

Samfunnstryggleik

Det er lagt inn omsynssoner for skred og havnivåstigning i plankartet, med tilhøyrande føresegner. Vidare er det eigne føresegner for kvikkleire og sørpeskred med krav om at det må gjerast vurderingar av fagkunnige der det er potensiell fare for slike naturfarar. Dette sikrar at relevante tilhøve vert vurdert før reguleringsplan eller byggesøknad kan godkjennast. I neste fase er det tiltakshavar sitt ansvar å dokumentere at tiltaka det er ønske om å realisere har akseptabel risiko i forhold til kommunen sine risikoakseptkriteria for ROS-analysar og teknisk forskrift.

Komuneplanen har føresegner som sikrar at samfunnstryggleiken vert klarlagt på neste plannivå anten det gjeld byggesak eller reguleringsplan.

Jordvern

Dei fleste arealføremåla i planen frå 2010 er delvis bebygd til utbygd. Det er nokre nye utbyggingsområde som er i konflikt med jordbruksområde, og her er det lagt krav i føreseggnene til det einskilde arealføremålet om at jordbruksområde ikkje skal byggast ut. Eit døme er hytteområdet, H30. Her er det dyrka mark i søre del av området, og her er sett byggjeforbod i føreseggnene.

Ureining

Det er på miljøstatus.no registrert ureina grunn på land og i sjø på og ved Solund Verft ved Pollen, elles er det ikkje kjent om det er ureining andre stader.

For næringsområde er forureining eit viktig tema. Nye næringsetableringar må vurdere konsekvensar av forureining meir detaljert i reguleringsplan der tiltaket sitt omfang og aktivitet er betre kjend.

Støy

Frå databasen til Statens vegvesen ser vi at areal langs veg i Solund er innanfor gul støysone (ingen raude støysoner), som er eit støynivå på inntil 55 dB. Desse støysonene er lagt inn som omsynssoner i plankartet, med tilhøyrande føresegner, jf. § 7.1.3.


Det er vidare i føreseggnene sett krav til at tiltak nært støyomfintlege areal skal tilfredsstille retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, jf. § 1.9.3. Det er i føreseggnene også sett krav til at leikeplassane skal vere skjerma for støy.

Byggearbeid vil medføre mellombels auke i støyulempene. På same måte som ved støy, vil auka utslepp av klimagassar vere ein naturleg konsekvens av byggearbeidet. Verknadane vil vere lokale og avgrensa til anleggsperioden.

Naturmangfald og vassdrag

Det er 11 naturreservat² i kommunen, og desse er sett av til bandleggingssone, med tilhøyrande føresegner, jf. § 7.3.1. Utvalde naturtypar som er av svært viktig (A) og viktig verdi (B) er sett av til bevaring naturmiljø, og det er utarbeidd føresegner til desse også, jf. § 7.2.2. Alle tiltak i planleggings- og utbyggingsprosessen må takast omsyn til desse sonene. Vidare er avbøtande tiltak ivaretake i §§ 1.6, 1.7 og 5.2.

I føreseggnene er det sett ei generell byggjegrense på 20 meter for alle vassdrag. Dette for å blant anna bevare kantsona langs vassdraga.



Figur 2 Noverande LNF-spreidd kombinert for bustad og fritidsbustad som er delvis i konflikt med jordbruksområde


² Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova

Kystlynghei

Det er gjort ei gis-analyse for å lettare finne ut kva for byggje- og spreidd område som er i konflikt med kystlynghei, den mest utbreidde naturtypen i Solund.


Det er i alt 10 byggjeområde som er i konflikt med naturtypen kystlynghei. Desse er vist i tabell nedanfor. Områda med kystlynghei er vist med brunoransje farge på kartutsnitta til venstre i tabellen. Dei grøne felta indikerer byggje- og spreiddområde. Og dei raude felta indikerer at det både er kystlynghei og utbyggingsføremål i området, og dette indikerer konflikt. Føremålet med vurderinga er å avklare om utbyggingsareala bør tilbakeførast til LNF- område.

Etter ei samla vurdering er det ingen utbyggingsføremål som blir tilbakeført til LNF då føresegne sikrar at konsekvensane av tiltaka vert gjort greie for. Men det er eitt utbyggingsføremål som har fått byggjegrønse i plankartet mot ein lokalitet for å sikre at lokaliteten uansett ikkje vert bygd ut. Dette er i tillegg sikra i føresegne.



Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032




Kystlyngheilokaliteten kan reknast som middels stor, og artsmangfaldet er typisk for kystlynghei i regionen. Sidan lokaliteten er i god hevd er verdien sett til A - svært viktig.

Kystlyngheilokaliteten innanfor næringsområdet N35 på Lågøy er delvis utbygd. BU7 på Lågøy er føreslått bustadfelt med krav om reguleringsplan. For at ein i framtida skal ha folkevekst, og eit vidare næringsgrunnlag på Lågøy, er det naudsynt å legge til rette for nye bustadområde. Uansett kvar ein skal legge til rette for bustadfelt på Lågøy vil det gå utover anten kystlynghei eller jordbruksmark.

Utbyggingsføremåla berører 20–50 % av lokaliteten, men liten forringing av restareal. Tiltaka utfører ikkje forringing av viktigaste del av kystlyngheilokalitet.

Byggeområde er redusert.,




Kystlyngheilokaliteten er stor og i god hevd.

Framtidig reiselivsverksemd med reguleringsplankrav innanfor N38 på Lågøy. Det framtidige næringsområdet ligg i ytterkant av eit større kystlyngheiområdet, og vil difor ikkje skape store konsekvensar for lokaliteten.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Byggeområde er vidareført utan endring men føresegnene § 7.2.2 sikrar at konsekvensane av tiltaket vert gjort greie for ved utarbeiding av reguleringsplan..



Lokaliteten for kystlynghei er ganske stor og i god hevd, men artsmangfaldet er typisk for kystlynghei på sur og mager mark, og utan sjeldne eller kravfulle arter. Verdi B.

Det er krav om reguleringsplan for det vestlege området, BU28 på Færøy. Dei andre føremåla inngår i reguleringsplan for Vassdal hyttefelt.

Mesteparten av Færøy er registrert som viktig kystlynghei eller det er dyrka mark. Dersom ein skal leggje til rette for ny busetnad på Færøy vert området vurdert som eit godt alternativ for nytt bustadområde på Færøy. Tiltaka utfører ikkje forringing av dei viktigaste delane av lokaliteten då det for det meste er fjell i dagen innanfor områda, med unntak av det austlegaste tiltaket.

Byggeområde er vidareført utan endring men føresegnene § 7.2.2 sikrar at konsekvensane av tiltaket vert gjort greie for ved byggjesøknad.

Myrområde

Solund har mykje myrareal, og den største konsentrasjonen kan vi finne i austre og nordre delar av kommunen. Solund har eitt areal med naturtypen våtmark, og det er på Ospa. Det er ingen utbyggingsområde som er i konflikt med denne.

Generelt mindre inngrep vil gje lågare påverknad og konsekvens, men kvar inngrepet er på myra vil også ha noko å sei for graden av verknad/konsekvens. For eksempel om tiltaket deler myra, eller om tiltaket fører til at kanten forsvinn.

Det spesielle med myr er at den lagrar meir karbon enn andre typar landareal. Når myra vert grøfta og vatnet blir borte, startar ein nedbrytingsprosess som fører til utslepp av klimagassen CO₂. I eit klimaperspektiv så vil arealbeslag og tjukkelse på myra ha innverknader på konsekvensen for karbonlager.


Det er gjort ei gis-analyse for å lettare oppdage kva for bygge- og spreiddområde i både kommuneplan og i reguleringsplanar som er i konflikt med myr, og det er tatt utgangspunkt i N50 datasett. Det viser seg at det er 12 område som er i konflikt med myr og desse er vist i tabell frå og med neste side. Desse 12 områda utgjer ei omdisponering av myrområde på totalt 30 daa som kan bli bygd ned som følgje av eventuell utbygging. Dette får ein negativ klimaeffekt der endringa medfører høgare utslepp, eller lågare CO₂ frå atmosfæren. Utifra berekingane frå miljødirektoratet viser at den totale nettoeffekten av endringa over 20 år blir på ca. 1760 tonn CO₂-ekvivalenter dersom ein bereknar at alt blir utbygd. Ut frå omsynet til å redusere klimagassutslepp, bør ikkje kommunen legge til rette for å byggje ned areal med store karbonlager.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032


Myrområda på kartutsnitta til venstre i tabellen nedanfor er vist med blå skravur. Dei grøne felta indikerer byggje- og spreiddområde. Og dei rosa felta indikerer at utbyggingsområda utbyggings- eller spreiddområde overlappar myrområde. Desse er vist i tabellen nedanfor.

Som avbøtande tiltak for å sikre at myrområda ikkje vert utbygd må det settast krav i føresegnehene om at det ikkje skal gjerast tiltak i eller ved myrområda med ein buffer på fem meter. Å sikre dette gjennom føresegnehene gir ein signal til utbyggjar og andre initiativtakarar om at det ikkje er greitt å bygge ut desse områda, sjølv om dei er innanfor utbyggingsføremål. I reguleringsplan kan ein setje av myrområde til LNF-område eller grønstruktur.




Eit område som er vist som myr i datasettet er i konflikt med føremålet spreidd fritidsbebyggelse i reguleringsplan for Losna. Halve myrområdet er innanfor føremålet, medan resterande av arealet er innanfor føreslått tilkomstveg. Det er bygd ein fritidsbustad nord for myra. På ortofoto kan arealet sjå meir ut som eit jordbruksareal, og det er også registrert som fulldyrka og overflatedyrka jord i gardskart.

Bygeområde er vidareført utan endring, men føresegnehene § 1.9.6 sikrar at det ikkje vert gjort inngrep i myr.




Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Utsnittet viser reguleringsplan for Vassdal hyttefelt på Færøy, der to myrområde er i konflikt med føremålet hytte.

Bygeområde er vidareført utan endring, men føresegne § 1.9.6 sikrar at det ikkje vert gjort inngrep i myr.




Myrområdet i aust er allereie utbygd av idrettsbana på Hardbakke.

Næringsområdet N22 sør for Sildevika, består for det aller meste av myr. Som avbøtande tiltak er arealet tilbakeført til LNF-område.



Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Innanfor næringsområdet I5 er det eit myrområde. Her er det krav om reguleringsplan.
I sør er det eit myrområde innanfor eit næringsområde i reguleringsplan for Skogen industriområde ved Hersvik.

Byggeområde er redusert som avbøtande tiltak, og delar av arealet er tilbakeført til LNF-område.




Innanfor føreslått hytteområde, H19 nord for Hersvik, er det eit lite myrområde som strekker seg inn i nordre del. Vidare er det eit større myrområde i søre del av hytteområdet.

Byggeområde er teke ut som avbøtande tiltak, og arealet er tilbakeført til LNF-område.


Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Det er eit lite myrareal som strekke seg inn i hytterådet H1 i Straumen. Noko av myrarealet er utbygd av veg.

Bygeområde er redusert som avbøtande tiltak, og delar av arealet er tilbakeført til LNF-område.




Eit myrområde innanfor spreiddområde for bustad, LNFB4 i Nordre Hjønnevåg er delvis bebygd med bustad.

Bygeområde er redusert som avbøtande tiltak, og delar av arealet er tilbakeført til LNF-område.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Strandsone og byggjegrense mot sjø og vassdrag

Strandsona er ei nemning på 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag, målt vinkelrett inn frå kystlinja. Det er i alt ca. 160 område innanfor 100 metersbeltet som er sett av til anten spreidd- eller byggeområde i kommuneplanen. I dette talet inngår ikkje byggeområda i gjeldande reguleringsplanar. Det er totalt ca. 210 område sett av til byggeformål i Solund, ekskludert formål som ligg i sjø og område sett av til offentleg og privat tenesteyting.

I plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 er det gitt føresegna om forbod mot bygging og andre tiltak i 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag. Konsekvens av denne føresegna betyr at alle søknader, med unntak av fasadeendring, i 100 metersbeltet må håndsamast som dispensasjon, der det ikkje er sett byggjegrense. Vedtekne planar utan byggjegrense er også omfatta av det generelle byggjeforbodet.

Ved fastsetting av byggjegrenser i plankartet har ein vurdert oppimot den funksjonelle strandsona³. Fysiske anlegg vil avgrense den funksjonelle strandsona, slik som veg (med unntak av veg til utmark, for eksempel til naust), bygningar, men også topografi kan vere ei avgrensande faktor.

Innanfor område som er omfatta av reguleringsplan og som manglar byggjegrense i plankartet, er byggjegrensa sett i arealdelen. Dette er gjort for at regulert bebyggelse kan utviklast i tråd med vedteke reguleringsplanar. Mange av desse reguleringsplanane er heilt eller delvis utbygd, og ved fastsetting av byggjegrensa i desse områda har ein brukta same kriteria som dei andre arealet i kommuneplanen. For reguleringsplanar som ikkje er utbygde er det gjort vurderingar opp mot den funksjonelle strandsona.

Følgjande kriteria er lagt til grunn ved fastsetting av byggjegrensene:

- Nedkant av offentlege vegar.
- Nedkant av private bilvegar.
- Nedkant av eksisterande bustadbebyggelse.
 - Trekt minst 5 meter frå bustadhus.
 - Trekt i veggliv til uthus, garasje m.m.
 - Trekt i føremålsgrensa dersom denne er under 5 meter frå huset.

³ Den sona som står i innbyrdes samspel med sjøen både topografisk, økologisk, samt bruksmessig

- Trekt i avslutning av hage der denne vert avslutta naturleg i terrenget mot sjø, til dømes ved ein hammar.
- Nedkant av eksisterende næringsbebyggelse.
 - Trekt i føremålsgrensa
- Nedkant av eksisterende gardstun.
- I veggliv av eksisterande fritidsbebyggelse.
- Nedsida av større kaier og brygger
 - Byggjegrense i veggliv om det ikkje er kommunal veg som dermed tilseier byggjegrense i føremålsgrensa

Unntak frå desse kriteria er der det er forhold i området som er viktig for naturmangfald, landskap kulturmiljø, friluftsliv, landskap og/eller andre allmenne interesser. Då er byggjegrensa sett lenger oppe på land for å ta tilstrekkeleg omsyn til desse verdiane.

I område innanfor 100-metersbeltet der det er fleire arealføremål som grensar til kvarandre er det byggjegrensa for arealføremålet næraust sjøen som gjeld. Dermed kan ein bygge i føremålsgrensa for tilgrensande byggjeområde med mindre anna lovverk tilseier noko anna, til dømes veglova. Eit eksempel på dette er utsnittet i figur 4-4-1. Unntaket er dersom det er sett byggjegrensar på arealføremåla, då er det denne som gjeld.

I område med tett bebyggelse (Hardbakke) med tydeleg opparbeidd preg gjer at vidare utvikling vil ha liten konsekvens for natur, landskap eller ferdsel. I desse områda har ein sett på om byggjegrensa kan trekka opp mot offentleg veg for å gje moglegheiter for framtidig tilkomst til sjø.


Det er ikkje fastsett byggjegrensar i område som har status som «framtidig» i plankartet og i føresegne då det er reguleringsplankrav for desse områda, og byggjegrensene vil dermed bli fastsett i reguleringsplan.

For næringsområda som grensar til sjøen, samt områda for naust, småbåthamn og hamn er det sett byggjegrense i føremålsgrensa.

Nedanfor er nokre utsnitt av plankartet for å vise eksemplar på korleis ein har løyst å setje byggjegrense i plankartet.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032




Figur 4.4-1 Eksempel på fastsetting av byggjegrense der strandsona er prega av utbygging i reguleringsområde, men ein har forsøkt ved hjelp av byggjegrense å leggje til rette for korridorar som kan lede til sjøen.




Figur 4-4-3 Eksempel på fastsetting av byggjegrense i eksisterande byggjeområde.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032



Figur 4-4-4 Eksempel på fastsetting av byggjegrense for tre ulike spreidd-område, samt næringsområde. I dei smale utbyggingstarmane er byggjegrensa sett i føremålgrensa. Dette gjeld område der føremålet er smalt og difor upraktisk å leggje byggjegrensa lenger bak. Det er elles godt tilgjengeleg strandsoneareal i områda.




Figur 4-4-5 Eksempel på fastsetting av fleire byggjegrense innanfor same arealføremål for å ta omsyn til fleire forhold som naturmangfold, landbruk og friluftsliv.

Planomtale


Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Å setje byggjegrense innanfor dei avsette bygge- og spreiddområda i reguleringsplan og kommuneplan er i lite konflikt med overordna føringar, berører ikkje kjente sårbare område og er utsett for liten grad av fare. Å setje byggjegrense mot sjø vil heller ikkje føre til ei betydeleg svekking av kvalitetar langs sjøen, men vil bidra til ei meir heilskapleg og forutsigbar forvaltning i strandsona i allereie utbygde område. Det vil også forenkle sakshandsaminga på plan- og byggjesaksnivå.

Potensielt tilgjengeleg strandsone er eit kunnskapsgrunnlag som viser areal langs sjø som er potensielt tilgjengeleg for friluftslivaktivitetar, men det kan også gje ein god peikepinn for kva areal som er tilgjengeleg for naturmangfaldet og elles allmenne interesser. Arealet er ikkje bygningsnært, det vi seie nærmare enn 50 meter fra nærmaste bygg (bustad, industribygg og hotell), dyrka mark, eller beslaglagt veg eller jernbaneareal, i 100-metersbeltet. Det er ikkje teke omsyn til kor bratt arealet er. Solund sit areal for potensielt tilgjengelege strandsone er 87,3 % dvs. 29.453 dekar (SSB 2021), og inkluderer ikkje strandsona på øyane utan ferje eller båttilknyting. Solund kommune har difor mykje potensielt tilgjengeleg strandsone trass i at hovudsaka av utbygginga i Solund har tradisjonelt skjedd i 100-metersbeltet.



Illustrasjon: Potensielt tilgjengeleg strandsone i Engelstad, Pollen, Nessa og Eide.



Solund kommune har gjort ein overordna gis-analyse der ein samanliknar kvar arealformåla i kommuneplanen ligg, med areal som i dag er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone. Her finn ein at dei aller fleste byggeformåla ligg i tilknyting til og står opp om eksisterande byggestruktur.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032


Potensielt tilgjengeleg strandsone og kommuneplan Ytrøygrend

Det er lagt inn nokre næringsareal som ligg isolert, fordi det er planlagt ei form for næringsdrift som tilseier at dei bør ligge isolert, dette gjeld til dømes LNFN1 på Buskøy, LNFN3 på Tangenes og I5 på Skogen.



Potensielt tilgjengeleg strandsone og kommuneplan
Straumen og Kolgov

Det er nokre areal som det bør sjåast på om det kan finnast betre eigna areal ved neste revisjon. Dette gjeld til dømes BU4 i Straumen.



Potensielt tilgjengeleg strandsone og kommuneplan
Buskøy og Steinsøy

[Red. merk.: Den følgjande tabellen stod oppført to stader i dokumentet og er difor fjerna her.]

4.5 Gjennomgang av byggeområde

Jamfør Solund kommune sin samfunnsdel vedteke i 2020, så skal: «Prinsippa for langsiktig arealbruk i kommuneplanen sin arealdel frå 2008 skal leggast til grunn for vidare utvikling, men det må bli enklare å utføre små tiltak på eksisterande eigedom utan å måtte søkje dispensasjon.» Dette gjer at det vert er planlagt i eit lenger perspektiv enn berre for denne planperioden, og det er eit signal om bruk av areal i framtida. Planlegginga i Solund er også basert på prinsippet om «utviding og fortetting av bustadområde, og auke bukvaliteten i eksisterande grender og knutepunkt skal prioriterast for å styrke sosiale nettverk og bustadmiljø» (samfunnsdelen). Ei slik utvikling er viktig for å sikre vedlikehald av bygningsmassen i bygdene og for å vedlikehalde kulturlandskapet.

I høyringa på planframlegget har både Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune peika på at det er planlagt for ein stor overkapasitet både på bustader, fritidsbustader og næring, i forhold til kva som er behov for i den neste planperioden. Dette gjer at det er gjort ei vurdering på kva som er viktigast for Solund kommune, og dermed kva områder som kan takast ut av arealplanen.

Statsforvaltaren i Vestland peikar også på at mange byggeområder er i konflikt med myr, kystlynghei og strandsonevernet. Det er difor gjort ei gis-analyse (kartanalyse) av byggeområda opp mot myr og kystlynghei. Strandsona er vurdert opp mot eksisterande utbygging og byggestruktur, naturmangfold, allmenne interesser, friluftsliv, kulturminne og samfunnsutvikling, jamfør statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Dei viktigaste momenta for Solund kommune er:

- Byggeformål i bygdene, fortrinnsvis bustad og næring
- Næringsareal med utviklingspotensiale
- Bustadføremål nær Hardbakke

Basert på dei viktigaste momenta for Solund kommune og potensielle konflikter opp mot andre interesser er det gjort ein gjennomgang av byggeformåla som låg i planen som var på høyring hausten 2020. Dett har resultert at det har skjedde endringer i tilknyting til mange byggeformål, der 32 byggeformål er teke ut og 11 er redusert.

Ident.	Stad	Føremål	Merknad
BU1	Lundøy	Bustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og samfunnssdelen sitt prinsipp om utbygging i eksisterande bygder. Det er tilgjengeleg bustadareal i LNFB areal i Ytrøy, samt reguleringsplan.
BU3	Sætrevågen	Bustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og samfunnssdelen sitt prinsipp om utbygging i eksisterande bygder. Det er tilgjengeleg bustadareal i LNFB areal i Ytrøy, samt reguleringsplan, og i LNFB i Hjønnnevåg.
BU7	Lågøy	Bustad	Redusert. I konflikt med strandsonevernet og med kystlynghei. Det er også tilgjengeleg bustadareal i LNFB på Lågøy.
BU17	Hardbakke – Håneset vest	Bustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og arealet krev store inngrep for tilrettelegging for bustad. Det finnast areal tilgjengeleg på Hardbakke til bustader.
BU19	Steinsund – Klubben	Bustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og arealet krev store inngrep for tilrettelegging for bustad. Det finnast areal tilgjengeleg i Steinduns til bustader.
BU20	Pollen	Bustad	Teke ut. I konflikt med våtmarksområde. Det er tilgjengeleg bustad areal i LNFB i Pollen.
BU27	Sandvik	Bustad	Teke ut. Arealet krev store inngrep for tilrettelegging for bustad. Delar av området kan vere skredutsett. Det er tilgjengeleg areal i LNF spreidd kombinert for bustad og fritidsbustad i Sandvik. D
BU28	Færøy	Bustad	Redusert. I konflikt med strandsonevernet og med kystlynghei. Det er tilgjengeleg areal for bustad også i LNFB på Færøy.
BU31	Steinsund	Bustad	Teke ut. I konflikt med samfunnssdelen sitt prinsipp om utbygging i eksisterande bygder. Det er tilgjengeleg bustadareal i to LNFB, samt i regulerte område i Steinsund.
H1	Kolgrov	Fritidsbustad	Redusert. I konflikt med myr. Det er framleis muleg å bygge nokre hytter i området.
H2	Kringlevågen	Fritidsbustad	Redusert. Området er stort, ein reduksjon gjev framleis utviklingspotensiale i området.
H3	Kverhella	Fritidsbustad	Teke ut. Er i konflikt med strandsonevernet og ein veg til området vil truleg vere i konflikt med myr. Ikke i tilknyting til eksisterande bebyggelse i bygda. Det er ledig areal for fritidsbustad i bygda.
H4	Kverhella	Fritidsbustad	Redusert. I konflikt med strandsona. Etter ynskje frå grunneigar.
H9	Hardbakke - Verpingsvika	Fritidsbustad	Teke ut. Ikke i tråd med prinsippet om fortetting.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

H12	Pollen	Fritidsbustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og innmark. Det bør vurderast om Strembeneset skal utvidast i neste revisjon.
H15	Nessa	Fritidsbustad	Teke ut. Ikke i tråd med prinsippet om fortetting.
H19	Hersvik	Fritidsbustad	Teke ut. Ikke i tråd med prinsippet om fortetting
H21	Buskøy	Fritidsbustad	Redusert. I konflikt med strandsonevernet. Det er framleis muleg å bygge nokre hytter i området.
H26	Sandvik	Fritidsbustad	Redusert. I konflikt med strandsona og det vil krevje store inngrep for å gjere området tilgjengeleg. Det er framleis tilgjengeleg areal i LNF spreidd kombinert område for bustad og fritidsbustad i Sandvik.
H27	Elvaneset	Fritidsbustad	Teke ut. Det vil krevje store inngrep for å gjere området tilgjengeleg.
H30	Nesøy	Fritidsbustad	Redusert. Området er i konflikt med strandsonevernet, myr og innmark. Det er utfordringar knytt til pbl. sine krav til parkering.
H32	Kråkenes	Fritidsbustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet. Ein føresethad for å få løyve til å bygge landbruksveg.
H33	Hop	Fritidsbustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og omsynssone for kraftleidning.
H34	Stølsvika	Fritidsbustad	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Det er tilgjengeleg areal sett av til fritidsbustad lenger sør i bygda.
N46	Eide - Eidsvågen	Fritids- og turistformål (næring)	Teke ut. I strid med strandsonevernet, innmarksbeite og indre Eidsvågen har verdi knytt til økosystemet.
N64	Pollen – Basteholmen	Fritids- og turistformål (næring)	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Tiltak/utbygging på holmar bør unngåast med omsyn til naturmangfold. Kan potensielt føre til store inngrep.
N22	Hardbakke - Vikane	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet og myr.
N42	Eide – holme: ytre Avløypet	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Tiltak/utbygging på holmar bør unngåast med omsyn til naturmangfold. Kan potensielt føre til store inngrep.
N43	Eide: til holme over Bukkholmen	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Tiltak/utbygging på holmar bør unngåast med omsyn til naturmangfold. Kan potensielt føre til store inngrep.
N45	Eide - Eidsvågen	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet, innmarksbeite og indre Eidsvågen har verdi knytt til økosystemet.
N51	Strandheim	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Ikke i tråd med prinsipp om utbygging i eksisterande bygder.
N62	Keila – Krakhellesundet	Nærings	Teke ut. I strid med strandsonevernet. Potensielt stor verdi for naturmangfold. Det ligg eit næringsområde i nærlieiken.
N77	Pollen	Nærings	Redusert. I strid med strandsonevernet. Etter ynskje frå grunneigar.
I5	Skogen	Nærings	Redusert. I strid med strandsonevernet og myr.
AB3	Kråkenes	Anna bebyggelse og anlegg (naust)	Teke ut. Området eignar seg ikkje til å sette opp naust då passasjen inn på vågen er svært grunn og smal. Det er ingen bebyggelse i nærlieiken.
AB4	Eide	Anna bebyggelse og anlegg (naust)	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet. Tiltak/utbygging på holmar bør unngåast med omsyn til naturmangfold. Kan potensielt føre til store inngrep.
AB8	Hardbakke - Håneset	Anna bebyggelse og anlegg (naust)	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet. Det er andre område for naust og småbåthamn i Hardbakke. Tilhøyrande småbåthamn er også teke ut.

AB13	Verpingsvika	Anna bebyggelse og anlegg (naust)	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet. Området må sjåast i samanheng med H9. Tilhøyrande småbåthamn er også teke ut.
AB18	Lundøy	Anna bebyggelse og anlegg (naust)	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet. Området må sjåast i samanheng med BU1. Tilhøyrande småbåthamn er også teke ut.
LNFB16	Bustad	LNF spreidd bustad	Redusert. I konflikt med strandsonevernet. Potensielt i konflikt med næring.
LNFB41	Krakhella	LNF spreidd bustad	Teke ut. I konflikt med innmark. Etter ynskje fra grunneigar.
LNFB42	Pollen	LNF spreidd bustad	Teke ut. I konflikt med strandsona. Det er tilgjengeleg bustadareal i LNFB i Pollen.
LNFH12	Ved veg til Kråkenes	LNF spreidd fritidsbustad	Teke ut. I konflikt med strandsonevernet og myr, samt samfunnssdelen sitt prinsipp om utbygging i eksisterande bygder

4.6 Videreført arealbruk i sjøen

Kysten sine natur- og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Ein del område er omfatta av nasjonale og lokale vern, samtidig som dei er ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar. Kartlegging og arealplanlegging er sentrale gjeremål for avklaring av bruk og vern.

I kommuneplan frå 2008 er sjøareala delt i to hovudkategoriar:

- Akvakulturområde hovudsakleg tiltenkt oppdrett av fisk. I planen frå 2008 er det sett av 33 område for akvakultur.
- Vassareal for allmenn bruk som omfattar område for natur, friluftsliv, fiske, og ferdsel (NFFF), eller NFFFA der akvakultur er tillate. NFFFA er tiltenkt dyrking/oppdrett av skaldyr og ikkje fisk.

Utfordringa med gjeldande kommuneplan er at den har føresegner til områda NFFFA, men det er ikkje sett av til dette føremålet i plankartet.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken deira. Dagens kommuneplan er ikkje i tilstrekkeleg grad oppdatert for sjødelen. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkelsakshandsaming. Det er heller ikkje ønskjeleg med generelle plankrav for tiltak i sjø. Akvakultur er ei næring i rask utvikling med omsyn til drift og teknologi. Det er ei utfordring at kommuneplanrevisjonar ofte ikkje har same fart som behovet bransjen har for arealavklaring. I dette ligg det eit stort ansvar for kommunane i god arealplanlegging i sjø for å sikre dei beste lokalitetane og tilstrekkeleg fleksibilitet og utviklingsmogleik innanfor desse.

Ei rekke lover og forskrifter regulerer akvakulturnæringa. For å kunne drive akvakulturverksemد er det behov for godkjenningar utover plan- og bygningslova (pbl). Avklaring om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og andre tilhøve knytt til drifta på anlegga, vert regulert i lokalitetsavkalling etter anna lovverk enn pbl. Det er likevel ei sentral føring at det ikkje kan ikkje gjevest løyve etter anna lovverk med mindre tiltaka er i samsvar med pbl.

I samband med at kommunen skal setje av areal til akvakultur er det ei viktig avklaring på kva nivå dei ulike areala er planavklarte og kva krav som må setjast til vidare handsaming. Den nye planen legg opp til følgjande inndeling av arealbruken:

1. Einbruks akvakultur (små område om lag som i dag). Arealet er prioritert til akvakultur i heile vassøyla og på sjøbotnen. Det er sett av nok areal til at heile anlegget kan optimalisere plasseringa

og har plass til fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg. Fortøyninga vert vist som omsynssone. Dei aktuelle areala er:

- Areal som per dags dato har godkjente lokalitetar.
- Areal avsett til akvakultur i KPA 2010 som er aktuelle å ha med vidare
- Nye enkeltlokalitetar som er spelt inn til KPA 2020. Dette gjeld dei områda som kom med vidare etter at konsekvensutgreiinga var utført.

2. Berre andre aktivitetar enn akvakultur (NFFF). Dette gjeld resten av kommunen sitt sjøareal. Akvakultur i desse områda kan vurderast i ei ny rullering av kommuneplanen for det aktuelle temaet.

Akvakulturareal som er vidareført frå gjeldande plan

Det er sett av 33 område for akvakultur i gjeldande plan, og ein god del av desse er blitt vidareført til planforslaget. Nokre av desse areala er blitt utvida, og eitt areal har blitt flytta litt på for å kome unna konfliktområda. Hovudpoenget med å utvide lokalitetane er å gje næringa moglegheiter for å endre anleggstype, nytte ny teknologi eller justere plassering av anlegget for å oppnå betre drifts- og/eller miljøforhold. Dette gir ein betre føreseileg situasjon enn dagens kommuneplan.

Samla sett vil arealendringa føre til ein positiv verknad for dei anlegga som vert utvida medan det for næringa kan vera ein negativ økonomisk konsekvens at det vert sett miljøkrav.

Akvakultursaker – handsamingsrutine

Fylkeskommunane har delegert mynde til å gje løyve til akvakultur i medhald av akvakulturlova. Før søknaden vert handsama hjå fylkeskommunen vert det kontrollert at søknaden er i samsvar med komplett krav i forskriftene, mellom anna om det følgjer krav til konsekvensutgreiing. Når søknaden er komplett vert den sendt til sektormynde for handsaming etter sektorlovverk og til den aktuelle kommunen for uttale.

Fylkeskommunen gjer ei samla vurdering av om løyve etter akvakulturlova kan gjevast, etter at kommunen og sektormynde har gitt sine uttalar/gjort vedtak.

Det vil vanlegvis ikkje vere nødvendig med reguleringsplan for akvakulturanlegg i sjø. Kommuneplanen sin arealDEL og prosessen med lokalitetsavklaring etter akvakulturloven vil gje dei nødvendige detaljerte rammene for verksemda.

Løyve til å etablere akvakulturanlegg, også kalla lokalitetsklarering, vert regulert av akvakulturloven og blir gitt av fylkeskommunen etter ein samordna søknadsprosess. Søknaden skal handsamast av ulike sektormynde (som Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsynet) som skal fatte vedtak og avgj uttale og eventuelt fatte dispensasjonsvedtak etter sitt regelverk.

Fylkeskommunen sender også søknaden om klarering av ein lokalitet til uttale til kommunen.

Fylkeskommunen skal etter høyringa vurdere om anlegget får vesentlege verknader for miljø og samfunn og om det skal handsamast etter forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter sektorlover. Dersom det føreligg ein oppdatert arealplan for sjøområda, vil vanlegvis denne prosessen vere enklare.

Kommunen si rolle i akvakultursaker:

- Vurdere, saman med fylkeskommunen, om søknaden er i samsvar med kommuneplanen eller om den krev løyve etter pbl kapittel 19. dispensasjon. Dersom søknaden krev dispensasjon må dispensasjonssaka handsamast etter pbl og vedtakast før søknad etter akvakulturlova kan handsamast.
- Saman med søker syte for at søknaden vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 4 veker og kunngjort i to lokalavisar og kommunen si nettside, samt Norsk Lysingsblad.
- Handsame og gi uttale i saka etter at høyringsfristen har gått ut. Saka kan handsamast politisk i formannskapet; som orienteringssak eller vedtakssak. Det kan vurderast frå sak til sak kva det er behov for sett i høve til delegasjonsreglement og saka sin kompleksitet.
- Handsame saka innan 12 veker etter den er motteke fra fylkeskommunen.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Kommunen si handsaming skal vurdere tilhøve som er knytt til kommunale planar, interesser og arealbruk, og skildre lokale tilhøve som kan nyttast som kunnskapsgrunnlag for sektormynde når dei vurderer saka etter sitt sektorlovverk. Viktig i saksførebuinga og uttalen er m.a.:

- Kunnskapsinnhenting om regional og lokal bruk av arealet og influensområdet
- Vurdering av verknader av søknaden for eksisterande og/eller framtidig/planavklart arealbruk
- Vurdering av verknader av søknaden opp mot mellom anna lokale tilhøve og interesser som busetnad, friluftsliv/rekreasjon/ folkehelse, naturmangfold og lokalt næringsliv
- Vurdering av særskilte tilhøve utover arealbruk, som kommunen er oppteken av og ønskjer å framheve til tildelingsmynde.
- Vurdering av søknadane i forhold til ein kvar tid gjeldande nasjonale miljømål og mål i gjeldande kommunale planar.

5 Bygg og anlegg (§ 11-7, nr 1)

Eksisterande og nye utbyggingsområde inngår i hovudformålet bygg og anlegg (PBL§ 11-7). Areala inkluderer tilhøyrande infrastruktur som friområde, fellesareal, vegar og tekniske anlegg. Føremålet bebyggelse og anlegg har ei rekke underføremål, og dei som er relevant for Solund er omtalt i dette kapittel.

Det er laga føresegner som styrer kva slags utbyggingsføremål som vert tillate og rammer for føremålet.

Detaljering av arealbruk skal skje gjennom områdeplanar og/eller detaljplanlegging.

5.1 Arealutvikling

På grunnlag av kriterium som tilhøve til nasjonale, regionale og lokale retningslinjer og føringar, arealstrategiar, omfang, behov og mogleg konflikt med andre interesser, vart det gjennomført ei grovsiling av innspela. Dei innspela som er tekne med vidare frå silinga er bearbeidd av arbeidsgruppa, vurdert for ny arealbruk i arealdelen, og er konsekvensvurdert.

Kommunen har også utført ei justering på nokre av areala det er kome innspel om for å minske dei negative konsekvensane i forhold til eit eller fleire tema. Desse justerte områda er konsekvensvurdert.

I førre planrevisjon vart det sett av mange byggjeområde i Solund, og med god variasjon i utbyggingspotensiale (nærings, fritidsbustader, bustader osv.). Det har difor ikkje vore det største behovet for endringar på land, det er også ein del arealformål frå førre plan som er teke ut. Hovudutfordringa har vore å utvikle sjøareala på ein god måte. Det inneberer å finne eigna areal for akvakultur, og markere areal som ikkje kan opnast opp for akvakultur pga. konfliktar med andre interesser som har prioritert.

I vestre og austre Solund er det sett av område til vindkraft i gjeldande plan. Det vart drøfta politisk om ein skulle vidareføre desse til nytt planforslaget, men det var fleirtal for å fjerne desse frå planen.

5.2 Bygg og anlegg

Eksisterande og nye utbyggingsområde inngår i hovudformålet bygg og anlegg (PBL§ 11-7). Areala inkluderer tilhøyrande infrastruktur som friområde, fellesareal, offentleg og privat tenesteyting, vegar og tekniske anlegg.

Føremålet bebyggelse og anlegg har ei rekke underføremål. Det er laga føresegner som styrer kva slags utbyggingsføremål som vert tillate, og rammer for formålet.

Hovudføremålet bygg og anlegg har fleire underføremål der eksisterande og nye utbyggingsområde inngår. Det er laga føresegner som styrer kva slags utbyggingsføremål som vert tillate og rammer for føremålet.

Alle nye arealføremål i planforslaget er konsekvensutgreidd, samt også noverande areal som er føreslått utvida. For desse areala er det meir detaljert beskriving i vedlagte KU-rapport. Alle områda frå gjeldande plan er tatt med vidare i forslaget. Eit areal som er sett av til fritidsbustad i gjeldande plan på Hardbakke teke ut og mesteparten av arealet er omdisponert til friområde. Sidan gjeldande plan vart vedteke er det ein del reguleringsplanar som er vedteke. Desse utbyggingsareala som no inngår i reguleringsplan er dermed fjerna frå plankartet.

Lokalisering av drikkevasskjeldene, samt dei planlagde kjeldene i kommunen har innverknad på etablering av bebyggelse og utviklinga av reisemål og friområde. Dei framtidige drikkevassførekomensten på Hardbakke er lokalisert innanfor avsett område til bustadbebyggelse og friområde. Dette får innverknad på utviklinga av felta.

Den nye arealplanen vil gjere det mogleg med ei viss bustadutvikling i Solund, samt utvikling av spreidd- og fritidsbustad, der det er mulegheiter i bygdene. Område for fritidsbebyggelse er betydeleg redusert, men også område for bustad og næring er redusert. Dette kan ein sjå igjen på arealrekneskapen samanlikna med arealrekneskapen for planen frå 2008.

5.3 Bustader

Det har dei siste åra vorte bygd relativt få nye bustader i Solund. Mange bustader vert etter generasjonsskifte nytta som fritidsbustader. Dette har medført at bustadmarknaden til tider har vore vanskeleg i Solund.

I følgje SSB var det 412 einebustader i 2019, og om lag 50 tomannsbustader/rekkjehus i Solund.

I gjeldande arealdel er det avsett ca. 610 daa til bustad. I det nye forslaget er det sett av ca. 670 daa. Dei nye areala til bustad er på Hardbakke og gjeld utviding av to område sett av til bustadføremål.

I tillegg er det bustader i LNF- spreidd, meir om dette i kap. 7.

Målsetjinga i samfunnsplanen er å auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Det skal vere mogleg å bygge bustadar der folk flest vil bu, på ein måte som er attraktiv for eit breitt spekter av menneske. Eit godt bustadområde har variasjon i både innbyggjarar, funksjonar og tilbod. Solund kommune kan tilby eigna bustader både til dei som ønskjer å busetje seg nært trafikknutepunkt til fastland, og til dei som ønskjer å busette seg meir landleg.

Planen har noko «overkapasitet» fordi det er lagt byggeområde (bustadføremål eller LNF spreidd) i alle grender, sjølv om behovet er usikkert. Dette gjev mogleger i heile kommunen, sjølv om vi veit det ikkje blir bygging overalt samtidig. Dette er gjort fordi det er vanskeleg å føresjå kvar utviklinga kjem, og fordi det er del av kommunen sin langsiktige arealbruksstrategi som kan vidareførast i mange planperiodar.

Sjølv om ein vesentleg del av folketalsveksten skjer i Hardbakke, må kommuneplanen og legge til rette for levande bygder. Det vil seie tiltak som kan auke nærmiljøa sin attraktivitet slik at komande generasjonar ønskjer å etablere seg der og halde oppe busettinga. Kommuneplanen legg til rette for ulike typar aktivitet i dei ulike grendene og øyane der det er etablert eit miljø frå før. Dette er viktig for å halde bygningar og kulturlandskap i hevd i bygdene i Solund.

Byggekvoter i føresegner for spreidde område og plankrav i bustadføremål gjev kontroll på den samla utbygginga sjølv om områda som er sett av i nokre tilfelle har stor kapasitet. Slik planen ligg føre gjev den ei robust og langsiktig byggestruktur som er tett knytt til dagens grender, skulestruktur og anna infrastruktur.

Det er registrert seks reguleringsplanar i kommunen som ikkje er fullt utbygd med bustadar. Oppteljinga av potensialet for nye bueiningar er basert på plankart og føresegner i vedtekne reguleringsplanar.

Tabell 2, 3, 7 og 8 (spreiddområde) syner at det totalt er ein teoretisk kapasitet for kring 390 nye bustadar i kommuneplan, og då er byggjepotensialet i reguleringsplanane tatt med.

Det er små endringar i folketal i Solund. Frå 2016 og fram til 2019 var det ei lita auke i folketal, medan per 3. kvartal i 2020 var folketalet gått ned med ca. 40 personar til 783 innbyggjarar totalt.

Tabell 2 viser ledig kapasitet i gjeldande bebyggelse- og reguleringsplanar

Kvar (plannamnet i parentes)	Tal ledige tomter i reguleringsplanar
Hersvikbygda	8
Tjøreneset; Losna	1
Eide	5
Hardbakke	22
Steinsund	20
Ytrøygrend	7 (konsentrert)
SUM	63

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Tabell 3 Kapasitet for nye bustader i kommuneplan

ID-nr.	Stad	Status	Eksisterande bustader	Anslag nye bustader
BU4	Kolgrov	Vidareføring	0	30
BU5	Straumen	Vidareføring	1	3
BU6	Trovåg	Vidareføring	0	3
BU7	Lågøy	Vidareføring	1	1
BU11	Hardbakke sentrum	Vidareføring	7	0
BU12	Hardbakke - Lyngneset	Vidareføring	0	15
BU13	Hardbakke - Kaldhammaren	Vidareføring	0	3
BU15	Hardbakke - Nordre Klubbevatn	Vidareføring + utviding i aust og sør	0	15-20
BU18	Hardbakke sentrum/kai	Vidareføring	0, reguleringsplanarbeid starta	5-6
BU21	Strembeneset - Pollen	Vidareføring	0	15
BU22	Eide	Vidareføring	1	19
BU23	Eide	Vidareføring	0	1-2
BU26	Leknessund	Vidareføring	0	10
BU28	Færøy	Vidareføring	0	10
BU29	Dalesund	Vidareføring	1	9
BU32	Eide	Vidareføring	9	2
BU33	Hardbakke Hatlevika	Vidareføring	7	2
BU34	Steinsund	Vidareføring	2	2
BU35	Ytrøygrend	Vidareføring	4	0
BU36	Steinsund Skoterokken	Vidareføring	5	3
SUM				173

5.4 Fritidsbustader

Talet hytter har auka jamt med om lag fem stk. pr. år, og er pr. 2019 oppe på 208 stk.

Det er i gjeldande kommuneplan sett av store areal til fritidsbustader i Solund. Fleire av områda som er sett av i planen er store framtidige hyttefelt. Ingen av dei største områda er i dag regulert, men fleire mindre og mellomstore felt er blitt regulert dei siste åra.

I gjeldande arealdel er det avsett ca. 1530 daa til fritidsbustad, og i det nye forslaget er det sett av ca. 640 daa. Reduksjonen kjem av at det er teke ein gjennomgang av areal sett av til fritidsbustad i kommuneplanen

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

frå 2008. Eit etablert og ferdig utbygd hytteområde på Steinsund er utvida til eigedomsgrenser. På Kverhella er eksisterande hytter i aust sett av til fritidsføremål.

I tillegg er det fritidsbustader i LNF- spreidd, meir om dette i kap. 7.

I denne revisjonen er det gitt føringar på storleiken på naust og hytter.

Utifrå planprogrammet er det ikkje trond for å leggje til rette for nye større område til fritidsbusetnad no. Det er likevel vurdert slik at temaet bør vurderast i kommuneplanen fordi hyttebygging er eit viktig bidrag til næringsliv og aktivitet, særleg i utkantområda der ein opplever utfordringar med fråflytting og lite næringsaktivitet. Utifrå tabell 4-5 og 7-8 (spreiddområde) ser ein at det er potensial for hyttebygging i planforslaget, enda byggjepotensalet er redusert frå gjeldande plan. Det er fleire reguleringsplanar som legg til rette for utbygging av hytter.

Utfordringane kring utbygging av fritidsbustader er særleg knytt til vegtilkomst.

Tabell 4 viser ledig kapasitet i gjeldande bebyggelse- og reguleringsplanar

Kvar	Tal ledige tomter i reguleringsplanar
Strembeneset, Pollen	3
Saltskår	11
Bykshogane, Strand	10
Vassdalen, Færøy	21
Leknesøyna	8
Leknesund	5
Engevika	56
Solnes	54
SUM	168

Tabell 5 Kapasitet for nye fritidsbustader i kommuneplan (område som ikkje er regulert)

ID-nr.	Stad	Status	Eksisterande fritidsbustader	Anslag nye fritidsbustader
H1	Straumen	Vidareføring	3	3-5
H2	Kringlevågen	Vidareføring	0	25
H4	Kverhella	Vidareføring	2	2
H5	Trovåg	Vidareføring	1	3
H14	Eide	Vidareføring	2	3
H16	Hageelva	Vidareføring	2	2
H17	Krakhella S	Vidareføring	1	9
H18	Krakhella N	Vidareføring	0	4-6
H20	Leknessund	Vidareføring	3	4
H21	Buskøy	Vidareføring	2	3
H25	Kråkesund	Vidareføring	4	4
H26	Sandvik	Vidareføring	1	0
H30	Nesøy	Vidareføring	1	5
H35	Steinsund	Vidareføring	3	0
H35	Kverhella	Nytt areal	3	0

SUM		66
-----	--	----

5.5 Offentleg eller privat tenesteyting

Avsette areal til offentlege bygg og anlegg er tilstrekkeleg i gjeldande plan.

5.6 Forretning

ID-nr.	Stad	Status
F1	Ytrøygrend	Vidareføring
F3	Kolgrov	Vidareføring
F4	Nåra	Vidareføring
F5	Hardbakke	Vidareføring
F6	Hersvik	Vidareføring
F7	Buskøy	Vidareføring

5.7 Fritids- og turistføremål

Føremålet omfattar utleigehytter og andre typar overnattingsanlegg som vert drive i ein kommersiell samanheng.

Då gjeldande plan vart utarbeidd var det ikkje eit eige føremål for reiselivsbasert næring, og desse vart dermed avsett til føremålet næring i plankartet. Desse er no sett av til fritids- og turistføremål i nytt planforslag, men føremålsnamna er vidareført.

På vestsida av Styggevågen på Saltskår er det sett av eit nytt område til reiselivsbasert næring, rorbu til utleige.

ID-nr.	Stad	Status
N5	Hjønnevåg	Vidareføring
N12	Kolgrov	Vidareføring
N13	Kverhella	Vidareføring + utviding i nord
N18	Dalesund/Solnes	Vidareføring
N21	Steinsund	Vidareføring
N25	Hardbakke: Teigeneset	Vidareføring
N26	Hardbakke: Solund Leilegheitshotell	Vidareføring + utviding i sør og aust (LNFN)
N27	Hardbakke: Solund Gjestegaard	Vidareføring
N33	Stranda	Vidareføring
N38	Lågøy	Vidareføring
N39	Storøy	Vidareføring
N41	Nesøy	Vidareføring
N53	Hersvikbygda	Vidareføring

N69	Lågøy	Vidareføring
N70	Saltskår	Nytt areal
N71	Pollen	Vidareføring

5.8 Råstoffutvinning

Det er ikkje lagt inn nye areal til råstoffutvinning i komande periode, men avsett område i Pollen er blitt vidareført i planen.

5.9 Næring

Tradisjonelt har fiskeri, og fiskeri i kombinasjon med landbruk, vore hovudnæringa i kommunen. Marin og maritim næring, samt tenesteytande næringar er i dag næringar i positiv utvikling. Eit av hovudmåla i lokal utviklingsstrategi er å «*Bidra til auka næringsutvikling og fleire arbeidsplassar i Solund*».

I Solund er det eit mangfaldig næringsliv. Handel og turisme er spreidd lokalisert, og dei største enkeltaktørane innan industri er knytte til verksemndene Solund Verft i Engelia, Båtsmia på Færøy og Laagøy Slip på Lågøy.

Vidare satsing på etablerte område inneber trøng for utbetra vegtilkomstar og etablering av kai.

Ulike satsingsområde på sjøen og i kystlandskapet kan vere med på å gje arbeidsplassar til fleire. Sjølv om landbruket som næring er redusert, er det likevel viktig å bevare næringa sin matproduksjon og kulturlandskapet den skapar. Dette gjev verdiar på mange samfunnsområde og grunnlag for andre næringar. Tilgang på areal til næringsføremål er naudsynt for å få til utvikling, i dette inngår også næring innanfor fritids- og turistføremål.

Ein variert arbeidsmarknad er svært viktig for å rekruttere og behalde innbyggjarar til kommunen. Solund kommune må vere ein tilretteleggar for næringsutvikling og vere tett på dei som vil utvikle noko lokalt i Solund vil vere ein tilretteleggar for næringsutvikling ved å sikre areal til næringsføremål der det er naudsynt for å få til utvikling.

Kommuneplanen bør vere eit av verktøya som kan nyttast i næringsutviklinga ved at ein i planen legg opp til ein arealreserve som gjer at verksemder kan etablere seg når etterspurnaden kjem, rundt om i dei ulike bygdene. Ein kjenner i dag ikkje til korleis etterspurnaden etter næringsareal vil utvikle seg i løpet av planperioden, men ein bør legge opp til ei arealreserve som gjer at kommunen på kort varsel kan handtere etterspurnaden.

ID-nr.	Stad	Status
N1	Notøy vestre molo	Vidareføring
N3	Ytrøygrend	Vidareføring + utviding i vest
N4	N Hjønnevåg	Vidareføring
N6	Nordre Hjønnevåg	Vidareføring
N7	N Hjønnevåg	Vidareføring
N8	N Hjønnevåg	Vidareføring
N9	S Hjønnevåg	Vidareføring
N10	Kolgrov	Vidareføring
N11	Rørdalsfjorden	Vidareføring

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

N15	Trovåg	Vidareføring
N20	Steinsund	Vidareføring
N23	Hardbakke	Vidareføring
N28	Saltskår	Vidareføring
N29	Saltskår	Vidareføring
N31	Lia	Vidareføring
N32	Lia	Vidareføring + utviding i vest og noko i nord.
N34	Avløyp	Vidareføring
N35	Lågøy	Vidareføring
N36	Lågøy	Vidareføring
N37	Lågøy	Vidareføring
N44	Eide	Vidareføring
N47	Gylta	Vidareføring
N48	Gylta	Vidareføring
N50	Lending	Vidareføring
N54	Hersvik	Vidareføring
N57	Sjønesvika	Vidareføring
N58	Daløy Gjerdeneset	Vidareføring
N60	Buskøy	Vidareføring
N61	Færøy	Vidareføring
N63	Keila - Krakhellesundet	Vidareføring
N66	Krakhella	Vidareføring
N72	Hardbakke, Hånesrabben	Vidareføring
N74	Færøy	Vidareføring
N75	Søre Hjørnevåg	Vidareføring
N76	Pollen	Vidareføring
N77	Pollen	Nytt areal
N78	Steinsund	Nytt areal
N79	Svisskolten	Nytt areal
N80	Saltskår	Nytt areal
N81	Ytrøygrend	Nytt areal, omdisponert frå forretning
N82	Ytrøygrend	Nytt areal, omdisponert frå offentleg tenesteyting
I1	Krakhella	Vidareføring
I4	Haldorsneset	Vidareføring
I5	Skogen	Vidareføring, redusert arealet

5.10 Andre typar bygningar og anlegg

Føremålet kan romme mange ulike typar tiltak. For Solund er det kun naust og småbåtanlegg som inngår i føremålet. Det er sett av to nye område for naust i plankartet; på Saltskår og på Tangeneset.

ID-nr.	Stad	Status

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

AB1	Krakhella	Vidareføring
AB2	Sandvik	Vidareføring
AB7	Leknessund	Vidareføring
AB9	Hardbakke	Vidareføring
AB10	Hardbakkevika	Vidareføring
AB11	Leirvågen	Vidareføring
AB14	Kringlevågen	Vidareføring
AB15	Dalesund	Vidareføring
AB16	Dalesund	Vidareføring
AB21	Saltskår	Nytt areal (naust til næring)
AB22	Tangenes	Nytt areal (naust til næring)

6 Grønstruktur

6.1 Friområde

Avsett friområde i Hardbakke er det mest tilgjengelege og tilrettelagde i kommunen. Og neset ved småbåthamna i Hardbakke er også sett av til uteopphaldsareal.

Dei andre friområda i plankartet er videreført, men innanfor hovudføremålet grønstruktur og ikkje byggjeområde.

ID-nr.	Stad	Status
FO-01	Prestegardsmarka	Videreføring + større utviding
FO-02	Teigeneset	Videreføring
FO-03	Medbotnen	Videreføring
FO-04	Klubben	Videreføring
FO-05	Storehaugen	Videreføring
FO-06	Håneset	Videreføring, men redusert pga. at store delar av området er innanfor reguleringsplan
FO-08	Stranda	Videreføring
FO-10	Hop	Videreføring
FO-11	Ellevika	Videreføring
FO-13	Ytrøygrend	Videreføring
FO-14	Hjønnnevåg nord	Videreføring
FO-15	Hjønnnevåg sør	Videreføring
FO-16	Kolgrov	Videreføring
FO-17	Kolgrov	Videreføring
FO-18	Kolgrov	Videreføring
FO-19	Kolgrov	Videreføring
FO-20	Kolgrov	Videreføring
FO-21	Kringlevågen	Videreføring
FO-22	Hardbakke	Videreføring
FO-24	Leknessund	Videreføring
FO-26	Færøy	Videreføring
FO-27	Hersvik	Videreføring
FO-28	Hardbakke, på neset ved småbåthamna	Nytt areal

7 Samferdsle og teknisk infrastruktur (§ 11-7, nr 2)

Infrastruktur

Fylkesveg 606 har fleire flaskehalsar, særleg for godstransport. Det har vorte gjort små utbetringar dei seinare åra, men det vil krevjast større investeringar om standarden skal bli tilfredsstillande.

Mangel på brusamband til Ytre Sula er ei hovudutfordring for Solund-samfunnet, men som no kjem i orden ved ny bru over ytre Steinsund.

Fleire gardar og grender i Solund har fått vegutløsing dei siste 10 åra.

Vegsystema på Solund er ikkje utbygd med gang- og sykkelvegar, med unntak av ei liten strekning på Hardbakke. Hovudvegane er smale og uoversiktlege. I ein slik samanheng er barn sine oppvekstvilkår og høve for eigentransport til skule eller fritidsaktivitetar viktig.

Sjøtransport

Solund er i dag ganske godt dekka med ekspressbåtruter nord/sør, skyssbåtruter lokalt og godsrute på sjø.

Ein manglar i dag ei godt tilrettelagd djupvasskai med lagringsplass nær Hardbakke. Ny djupvasskai vart vurdert lokalisert i Prestegardsmarka på Hardbakke. Temaet vart drøfta politisk, og det vart kome fram til at ein skulle satse på djupvasskai og industriområde på Ytre Steinsund.

Gjeldande plan la til rette for gjennomføring av fleire store samferdsleprosjekt i Solund, der bru til Ytre Sula i dag er høgst på den kommunale prioriteringslista. Arealplanen la også til rette for vegutløsing av fleire gardar og område i Solund. Fleire lokale vegprosjekt har i ettertid vorte planlagt og bygd ut, som Tangenesvegen og veg til Skarnagel.

Landingsplass for ambulansehelikopter er sett av på Hardbakke, molo på Kverhella og eit nytt hamneområde på Ytrøygrend. Sistnemnte er omdisponert frå småbåthamn. Elles er det ikkje gjort endringar i arealdelen når det gjeld samferdsle.

Hamner

ID-nr.	Stad	Status
H-2	Sjønesvika	Vidareføring
H-3	Buskøy	Vidareføring
H-4	Hardbakke	Vidareføring
H-6	Daløy	Vidareføring
H-7	Losna	Vidareføring
H-8	Storøy	Vidareføring (avhenda fiskerihamn)
H-9	Ytrøygrend	Vidareføring (omdisponert frå småbåthamn)
H-10	Eide	Vidareføring

Fiskerihamn

Fiskerihamner har det til felles at dei primært brukast til fiskeriverksemd og at dei på ulike måtar er tilrettelagt for dette føremål. Disse hamnene varierer både i størrelse og med omsyn til kva fasilitetar som vert tilbydd. Dei kan bl.a. omfatte mottak av fisk, foredling, verksemd knytt til produksjon og handel, vidaretransport av fisk og fiskeprodukt, ulike formar for service retta mot fartøy og mannskap, samt å dekke behov for fortøyingsplass/ankringsplassar for fiskefartøy når dei ikkje er i aktivt fiske. Det er ikkje registrert slike plassar i Solund.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

ID-nr.	Stad	Status
FH1	Færøy	Vidareføring
FH2	Steinsøy, Ytrøy	Vidareføring
FH3	Ytrøygrend	Vidareføring
FH4	Hersvik	Vidareføring
FH5	Utvær	Vidareføring
FH6	Gardsvågen	Vidareføring
FH7	Nautøy	Vidareføring
FH8	Trovågen	Vidareføring
FH9	Buskøy	Vidareføring
FH10	Saltskår	Vidareføring

8 Landbruks-, natur- og friluftsområde – LNF (§ 11-7, nr 5)

8.1 LNF a (jf. pbl § 11-7, nr. 5, bokstav a)

LNF-føremål omfattar areal som er avsett til landbruk, natur og friluftsliv. Føremålet er opprettholdt frå tidlegare plan med unntak av nye og utviding av utbyggingsområde som går fram av konsekvensutgreiinga.

LNF føremål skal sikre at jord- og skogbruk vert drive hensiktsmessig, at friluftsområde er tilgjengeleg for allmenta og at det takast omsyn til kulturlandskapet og natur. Innanfor LNF-områda er det ikkje løyve med bygge- og anleggstiltak som ikkje er knytt til stadbunden næring.

8.2 LNF b: areal for spreidd bustad-, fritid – eller næring (jf. pbl § 11-7, nr. 5, bokstav b)

Områda for LNF- spreidd er vidareført for å oppretthalde befolkningsgrunnlag og generasjonsskifte i bygdene. For mange vil dette vere ei moglegheit for å få variasjon på tomter i kommunen. Dette vil gjere det enklare å kunne etablere bustad eller fritidsbustad i LNF- område utan krav om søknad om dispensasjon. Det er lite konfliktpotensial innanfor områda LNF- spreidd, med unntak av at det manglar infrastruktur i form av veg til områda.

8.2.1 Kombinert bustad og fritidsbustad

I gjeldande kommuneplan er det lagt inn område som opnar opp for blanding av bustad og fritidsbebyggelse. Desse områda er no avsett til kombinert føremål som ikkje eksisterte etter dei gamle teiknereglane. I tillegg er det sett av eit område på Indrøy til det same føremålet. Delar av området var sett av til spreidd fritidsbebyggelse.

Desse områda har beheldt nemningane frå gjeldande plan.

Tabell 6 Kapasitet for nye bustader og fritidsbustader i kommuneplan

ID-nr.	Stad	Status	Tal nye einingar
LNFB20	Avløyp	Vidareføring	7
LNFB21	Drengenes	Vidareføring	4
LNFB33	Saltskår	Vidareføring	2
LNFH2	Indrøy	Vidareføring + utviding på alle kantar	2
LNFH5	Sandvik	Vidareføring	3
LNFH49	Leirvåg	Nytt areal Frå KPA 2008	2
SUM			20

8.2.2 Bustad

Det er sett av fleire område for spreidd bustad i gjeldande plan, og kommunen ynskjer å halde fast på denne praksisen for å halde oppe busetnaden i grendene. Fem område har blitt utvida, også er det sett av fire nye område. Tre av desse er i område som det ikkje er noko bebyggelse frå før.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

I tillegg til dei områda som er nemnt opnar gjeldande kommuneplan for bygging av bustadar i somme LNF-område. Desse har kvotar knytt til arealet som fastset kor mange bustadar som kan oppførast i planperioden. Tabell 2 syner at det kan byggast totalt 52 einingar i LNF-spreidd område, eit folketal på 130 om ein legg til grunn 2,5 bebuuar per bustad. Etter vedtak av førre kommuneplan i 2006 er ingen bustadar bygd i desse LNF –områda.

Tabell 7 Kapasitet for nye bustader i kommuneplan

ID-nr.	Stad	Status	Tal nye bustader
LNFB1	Storøy	Vidareføring	3
LNFB2	Ytrøygrend	Vidareføring	4
LNFB3	Nordre Hjønnevåg 1	Vidareføring	3
LNFB4	Nordre Hjønnevåg 2	Vidareføring	2
LNFB5	Nordre Hjønnevåg 3	Vidareføring	5
LNFB6	Søre Hjønnevåg	Vidareføring + utviding midt i feltet	3
LNFB7	Kolgrov	Vidareføring	2
LNFB8	Kverhella	Vidareføring + utviding i vest	2
LNFB9	Trovåg	Vidareføring	2
LNFB10	Trovåg	Vidareføring	2
LNFB11	Nåra	Vidareføring	1
LNFB12	Ytrøy	Vidareføring	1
LNFB13	Steinsund	Vidareføring	1
LNFB14	Steinsund	Vidareføring	2
LNFB16	Lia	Vidareføring	1
LNFB17	Råke	Vidareføring	2
LNFB18	Stranda	Vidareføring	5
LNFB19	Avløyp	Vidareføring	0
LNFB22	Hop	Vidareføring	5
LNFB23	Pollen	Vidareføring	3
LNFB24	Gylta	Vidareføring	4
LNFB25	Krakhella	Vidareføring	2
LNFB26	Eide	Vidareføring	3
LNFB27	Leknøyna	Vidareføring	1
LNFB28	Leknesund	Vidareføring	3
LNFB29	Hersvik	Vidareføring	2
LNFB30	Hersvik	Vidareføring	2
LNFB31	Buskøy	Vidareføring	3
LNFB32	Færøy	Vidareføring	3

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

LNFB33	Saltskår	Vidareføring + utviding i nord og i sør	2-3
LNFB34	Tangenes/Leirvik	Vidareføring	3
LNFB35	Svisskolten	Nytt areal	3
LNFB37	Leirvåg	Nytt areal	2
LNFB38	Tangenes	Nytt areal	3
SUM			86

8.2.3 Fritidsbustad

Det er sett av nokre område for spreidd fritidsbustad i gjeldande plan, og i det nye forslaget er det sett av to nye område til spreidd fritidsbebyggelse i Leirvåg.

I gjeldande arealdel frå 2010 er det avsett ca. 90 daa til spreidd fritidsbustad, og i det nye forslaget er det sett av ca. 200 daa. Det vil sei ei auke på 110 daa. Dette skuldast at det er fleire spreiddområde som er føreslått utvida for å få ei betre arrondering av tomtene. I tillegg er det sett av eit nytt område for spreidd fritidsbustad mellom Eide og Kråkeneset, ved nyetablert veg.

Tabell 8 Kapasitet for nye fritidsbustader i kommuneplan

ID-nr.	Stad	Status	Tal nye einingar
LNFH1	Søre Hjørnevåg	Vidareføring	2
LNFH3	Leirvåg	Vidareføring	1
LNFH6	Steinsøy	Vidareføring	4
LNFH7	Drengenes	Vidareføring	0
LNFH40	Leknessund	Nytt areal	2
LNFH48	Leirvåg	Nytt areal	2
SUM			18

8.2.4 Næring

- Innanfor LNF- område for spreidd næringsbebyggelse kan det gjevest løyve til oppføring og standardheving av bygningar/anlegg for næringsverksemd.
- Næringer som kan godkjennast vil vera turistanlegg med servering, overnatting og tilhøyrande aktiviteter på land og sjø, kontorføremål, kafedrift, aktivitetshus, forsamlingslokale, bevertning og utleige, lokalmatproduksjon. Lista er ikkje uttømmande.
- Verksemder som kan påføre nabolaget støy, stov eller anna forureining kan ikkje godkjennast.
- Forholdet til naturfare må avklarast før tiltak kan gjennomførast igangsetjingsløyve.

Tabell 9 Kapasitet for nye næringsareal i kommuneplan

ID-nr.	Stad	Status	Daa
--------	------	--------	-----

Planomtale

Kommuneplanen sin areal del 2020-2032

LNFN1	Norde Myra på Buskøy	Nytt areal	3,2
LNFN2	Hardbakke	Nytt areal	10
LNFN3	Tangenes	Nytt areal	11,1
SUM			24,3

9 Bruk og vern av sjø og vassdrag (§ 11-7, nr. 6)

Hovudføremålet «bruk og vern langs sjø og vassdrag» er brukt i stor utstrekning på kommunen sine sjø- og vassdragsareal. Underføremål som akvakultur, ferdsel og fiske er tatt inn i forslaget frå databasen til fiskeridirektoratet. Innunder fiske høyrer også med aktive fiskereispllassar. Dei passive fiskereiskapane er lagt inn under dei andre føremåla til sjø.

I sjøområda er det vanleg å kombinere ulike underformål. Dette krever kunnskap om kva aktivitetar som går saman eller ikkje. Normalt vil ferdsel, fiske, natur og friluftsliv vere aktivitetar som kan kombinerast. Dersom sjøareal blir lagt ut til fleirbruk i kombinasjon med søknadspliktige tiltak, som for eksempel småbåthamn, må konsekvensutgreiinga omfatte konsekvensane av den valte arealbruken for heile det aktuelle området.

9.1 Ferdsel

Føremålet ferdsel omfattar hamneområde i sjø.

9.2 Farlei

Farlei er avsett som samferdselsline. Farlei er brukt for å vise seilingsleiar (transportårer) for vass/sjøtransport og inn- og utseglingsleiar for hamner.

Farleiane viser bl.a. ferge- og ekspressbåtstrekning.

9.3 Småbåthamn

I Solund er ein i stor grad avhengig av båt som framkomstmiddel både i yrkeslivet og på fritida. Det er difor nødvendig med tilgang på båtplassar der det er busetjing og annan aktivitet.

Det er sett av to nye område for småbåthamn. I Søre Hjørnevåg er dette eit nytt tiltak, medan på Hardbakke er det snakk om utviding av eksisterande småbåthamn.

9.4 Fiske

Områda omfattar noverande fiske- og låssettingsplassar, henta frå databasen til fiskeridirektoratet.

Låssettingsplassar lar seg vanskeleg kombinere med annan bruk, og er difor sett av med arealformål.

9.5 Akvakultur (A)

Solund er ein kystkommune med flotte friluftsområde og fiskeplassar. Desse er det viktig å ta vare på både av omsyn til fastbuande og for å vere eit attraktivt reisemål for andre.

Det må vere anledning til å vidareutvikle sjørelatert næring og akvakulturanlegg

Akvakulturanlegg omfattar alle typar oppdrettsanlegg, skjelformer og liknande, jf. akvakulturloven. Det framgår av akvakulturloven at det rundt oppdrettsanlegg er forbode å fiske nærmare enn 100 meter (fiskeforbodssona). Ferdsel kan pågå i fiskeforbodssonanen, men det er eit ferdselsforbod nærmare enn 20 meter frå anlegga.

Det er i gjeldande kommuneplan avsett 33 område for akvakultur i sjø. Av desse er det i dag 19 område som har konsesjon til å drive produksjon i sjø. Av dette er det 11 matfisk, 5 algar, 2 settefisk og 2 matfisk/algar.

Planomtale

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

I plankartet er nokre av områda avgrensa etter kommuneplanen, medan dei som har fått godkjent lokalitet er grensene gjerne flytta litt for å utvide lokalitetane. Områda gjeld ein bruk akvakultur og er akvakulturområde i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn. Nokre av areala er utvida for å gje næringa moglegheiter for å endre anleggstype, nytte ny teknologi eller justere plassering av anlegget for å oppnå betre drifts- og/ eller miljøforhold. Dette er ikkje dermed sagt at dei kan auke produksjonen då dette vil avhenge av ein eigen søknadsprosess.

Det er kome innspeil om utviding eller endring av 11 av lokalitetane; Bjørnholmen, Saltskår A, Kverhelleskjeret, Langøy, Brattholmen, Olderøyna, Fureholmen S, Kråkenes, Bukkeholmen, Juvika og Seiskjeret. Alle områda kom vidare etter siling då dei ikkje hadde særleg med konflikt med verdifulle interesser iht. multikriterieanalyesen. Det er kome innspeil om 4 nye lokalitetar. Av desse er det forslag om å ta vekk ein lokalitet etter KU pga. auka konfliktgrad, og den er lokalisert på Risholmen. Utviding på Seiskeret er teke bort grunna konflikt med farleiareal.

7 av dei eksisterande lokalitetane i gjeldande plan frå 2010 er konsekvensutgreidd då utvidinga av desse er av eit slikt omfang at det er behov for ei utgreiing.

Det er laga føresegner for ein bruk akvakulturformål som gjeld akvakulturlokalitetar som ikkje er teke bruk som skal stø opp om berekraft, sikre god miljøkvalitet og verne om naturmangfaldet. Føresegene seier at ikkje skal tillatast arealbruk som kan ha vesentleg negativ innverknad for bestandsstilstanden til villaks og sjøaure, det er krav om aktsemd ovanfor artar, naturtypar og økosystem og det er ei føresegr knytt til støy. For lokaliteten ved Ospa sør er det i tillegg vilkår knytt til når på året større arbeid med akvakulturanlegget kan gjennomførast.

For nokre A-område er det lagt inn føresegner som avgrensar på art; Seljeskorvikane opnar ikkje for laksefisk. Saltskår N, Hegrenesvika, Barlindeskora, Straumsneset, Sveneset, Simmerøyna og Seiskjeret, kan berre nyttast til skaldyr og makroalgar. Dette er med bakgrunn i storleik og plassering av områda.

Bukkeholmen har fått føresegr som seier at det skal vere minimalt til ingen utslepp av organisk materiale. Dette er med bakgrunn i at anlegget ligg langt inne i Nesefjorden og det er ikkje ynskjeleg med utslepp av mykje organisk materiale her for å sikre miljøkvaliteten i fjorden.

Det er lagt inn ei føresegr knytt til at bruken av område A19 og A20 (Kverhelleskjeret) berre kan nyttast samtidig i ein periode på inntil 4 månader. Dette er med bakgrunn i at lokalitetane ligg i innløpet av Rørdalsfjorden og det er viktig å sikre at det er tilstrekkeleg areal for sjøtrafikk i fjorden. Det er busetnad inne i fjorden og det er viktig at ambulansebåt og brannmannskap kan komme seg inn i fjorden ved alle værtihøve. Med ei slik føresegr kan likevel anlegget flyttast, utan at det opnar for at begge areala kan nyttast over lengre tid.

Tabell 10 Viser lokalitetsnamn i plankartet og kvar dei er lokalisert

Områdenr./nemning	Namn	Status
A1	Skreda, Storurdsneset	Vidareføring
A2	Fureneset	Vidareføring
A3	Seljeskorvikane	Vidareføring
A4	Klubben	Vidareføring
A5	Bjørnholmen	Vidareføring
A6	Bjørnholmen	Nytt areal
A7	Lyngholmane	Vidareføring
A8	Saltskår Aust	Vidareføring
A9	Saltskår Nord	Vidareføring
A10	Olderøyna	Vidareføring
A11	Hegrenesvika	Vidareføring

Planomtale

Kommuneplanen sin areal del 2020-2032

A12	Brattholmen	Vidareføring
A13	Barlindskåra	Vidareføring
A14	Langøy	Vidareføring
A15	Trommesteinen	Vidareføring
A16	Guleskjæret	Vidareføring
A17	Staumsneset	Vidareføring
A18	Sveneset	Vidareføring
A19	Kverhelleskjeret	Vidareføring
A20	Kverhelleskjeret	Nytt areal
A21	Fureholmen S	Vidareføring
A22	Fureholmen S	Nytt areal
A23	Kråkenes	Vidareføring
A24	Kråkenes	Nytt areal
A25	Simmarøyna	Vidareføring
A26	Pollen	Vidareføring
A27	Bukkeholmen	Vidareføring
A28	Bukkeholmen	Nytt areal
A29	Kvernhusvika	Vidareføring
A30	Juvika	Vidareføring
A31	Juvika	Nytt areal
A32	Seiskjeret	Vidareføring
A35	Saltskåren	Nytt areal
A36	Ospa	Nytt areal
A40	Langøy	Nytt areal

10 Omsynssoner (§ 11-8)

10.1 Sikrings- fare- og støysone

H110 – Sikringssone

Koden viser nedslagsfelt for drikkevatn, og Solund har i dag 12 drikkevasskjelder, og desse, inkludert tilsgsområda, er sett av som sikringssoner i plankartet; Nesvatnet (Kolgrov), Dalevatnet, Måsevatnet(Eide og Nessa), Kvernhusvatnet, Storehogvatnet, Buskøyvatnet (Buskøy), Olavatnet (Ytrøy), Janvatnet (Ytrøy). Vestefosstjenna, Kvernhusvatnet (Hersvik) og Storevatnet (Hardbakke).

Vassforbruket på Hardbakke er ca. 200 liter/person/døgn. Om lag 400 personar (2019) er knytt til Hardbakke vassverk. På kote 80 i Brattelia er eit høgdebasseng med eit volum på 314 m³ som vert forsynt frå Storevatn. Det er einaste vasskjelda som er tilknytt forbrukarane i sentrum.

Drikkevassforskrifta regulerer korleis eit vassverk skal byggast og driftast.

Då vassverket var nytt i år 2000 var det ca. 300 personar som var tilkopla. Solundheimen, Solund barne- og ungdomsskule og Hardbakke barnehage får vatnet frå vassverket. Det same gjeld idrettshall og symjehall, og desse forbrukar store mengder vatn når idrettsanlegget er i bruk.

I Hardbakke hamn er det gjestebryggje med plass til fleire båtar. I sommarhalvåret er det mange båtturistar og i vinterhalvåret er det kun skyssbåtane og nokre fiskefartøy som fyller vasstankane når dei ligg ved kai.

Vassverket forsyner og vatn til overnattingsstader og matservering i Hardbakke sentrum. Hardbakke båtlag er og tilkopla anlegget.

Lialaks AS hentar og vatn til settefiskanlegg frå Storevatn. I periodar med lite nedbør vert drikkevasskjelda ekstra nedtappa.

Dei siste 20 åra har det vore ei auke i vassforbruket med ca. 100 personar. Dei områda som er utbygd sist, kan ha ein sårbar tilførsel på leidningsnettet ved auka bruk andre stader.

I kommuneplanen er det sett av areal til bustad i nærleik til Hardbakke sentrum. Det strekker seg frå Steinsund i vest til Prestegardsmarka, i tillegg til eit område mellom sentrum og Klubben. Det er planlagt at Solund kommune skal ha god kvalitet i tenesta til innbyggjarane som er tilkopla vassverket med nok og trygt vatn.

Når ein går utifrå byggjepotensialet i utbyggingsområda i gjeldande planar vil det vere over 65 nye bustader som vil ha behov for drikkevatn dersom alt vert utbygd dei neste åra. Med gjeldande planar inngår både vedtekne reguleringsplanar og det som er sett av til bustad i gjeldande kommuneplan. I dette reknestykket inngår ikkje nye område for fritidsbustader, så desse kjem i tillegg.

Reservevasskjelde

Valsvatnet og Klubbevatnet peikar seg ut som reservevasskjelder for Hardbakke Vassverk, og desse, inkludert tilsgområda er også sett av som sikringssone.

For å planlegge for auke i busetnad og aktivitet, må det settast av areal i kommuneplanen for nye drikkevasskjelder med nedslagsfelt og omsynssoner. Utbygging må skje parallelt med planarbeid for å dekke vassforsyning som drikkevatn og sløkkevatn ved brann.

I dag er det kun Storevatnet som forsyner Hardbakke. Ved brot på forsyningsliner vil det vere sårbart utan ekstern kjelde om det skulle oppstå brann samtidig. Eller at drikkevasskjelda vert utsett for hending som gjer at kjelda er forureina og ikkje kan brukast som drikkevatn. Kommune-ROS for Solund har med punktet i analysa si.

Storevatnet er merka og bandlagt i kommuneplanen.

I kartet er også Valsvatnet, Klubbevatnet og Råkevatnet med nedslagsfelt og omsynssone sett av som bandleggingssoner for reservevasskjelde. Områda kan utgreiaast for å finne løysinga som er enklast, av best kvalitet og som er økonomisk gjennomførbar.

I kartet er det også sett av område for nytt høgdebasseng. Ved å byggje det i sør vil ein dekke område som er under planlegging for bustadbygging. Og ein vil dekke behov for sløkkevatn frå Solund næringsbygg, Storehaugen, Håneset og Sildevika. I dag er det avgrensa mengde sløkkevatn om ein brann spreiar seg og varer over fleire timer. I søre del av Hardbakke kan det vera avgrensa kapasitet, men ved å planlegge nytt areal for drikkevatn og høgdebasseng, vil ein og stette gjeldande krav i vassforskrift, samt plan- og bygningsloven.

Med ekstern drikkevasskjelde og sløkkevasskjelde vil brannvesenet sin beredskapsoppgåve vera styrka.

Ved å leggje til rette for drikkevassforsyning i sør, styrkar ein beredskap ved uønskte hendingar. Beredskapsplan for vassverket omtaler hendingar som kan inn treffen og som det er laga tiltakskort for. Om det inn treffen to alvorlege hendingar samstundes, vil det vera mogleg for kommunen å handtere innanfor dei rammene som er gitt.

I kommuneplanen kan dei aktuelle private drikkevasskjelder og vassverk som allereie er i bruk kartleggast og dokumenterast med nedfallssone og omsynssone. Då får brannvesenet ein oversikt over vasskjelder som er eigna for sløkkevatn i dei størst bygdene.

H200 – Støysone gul

Det er vist støysoner frå fylkesvegane, som er utarbeidd av Statens Vegvesen.

H310 – Ras- og skredfare

Aktsemdsone for skred er lagt inn i planen. I desse områda vert det ikkje gjeve løyve til nye tiltak før det vert gjennomført fagkyndig vurdering av fagkunnige, og eventuelle avbøtande tiltak er føreslått.

H320 – Forventa havnivåstigning

Det er vist aktsemdsone for stormflo for dei største øyane og på andre øyer der det er etablert tiltak. Aktsemsona er sett til kote 3, og kan fråvikast i den einskilde plan-/byggjesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal gå fram av saka kva høgd som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK17.

10.2 Omsyn til friluftsliv og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.

H530 - Omsyn friluftsliv

Områda omfattar lokalt, regionalt og nasjonalt viktige friluftsområde.

H560 - Bevaring naturmiljø

Områda omfattar område med særskild naturmiljø og biologisk mangfald, som til dømes verdifulle naturtypar og gyeområde for torsk.

H570 - Bevaring kulturmiljø

Dei automatisk freda kulturminna er vist som omsynssone H730. Buffersona rundt desse er vist som bevaringsområde H570, og er på 5 meter i breidda.

10.3 Bandlegging

H720 - Bandlegging etter naturmangfaldlova (H720)

Omsynssonene omfattar 10 område for naturreservat, og fleire naturtypar.

H730 - Bandlegging etter kulturminnelova

Solund har ei rekke kulturminne og desse har fått ei omsynssone for å betre kunne ivareta dei og omgjevnadene for framtida.

Kulturminne er spor etter menneske sitt liv og virke og kan vere alt frå ein arkeologisk funnstad til eit historisk bygningsmiljø. Alle kulturminne inngår i eit landskap eller kulturmiljø og bør alltid sjåast i samanheng med omgjevnadene.

H740 Bandlegging etter andre lover

Verna vassdrag

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, (T-1082) gjeld for følgjande del av det einskilde verneobjekt:

- Vassdraget, dvs. hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs objekta.
- Andre delar av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har innverknad på verneverdien til vassdraget.

I Solund er det eitt verna vassdrag, Engevikvassdraget. Det er lokalisert nordaust på øya Sula ytst i Sognefjorden. Nedbørsfeltet er på 9 km². Vassdraget er eit typisk kystvassdrag med spreidd furuvegetasjon og bart berg, også vasskvaliteten er karakteristisk for vassdrag med nær beliggenhet til havet.

10.4 Sone der reguleringsplan framleis skal gjelde (H910)

Regulerings- og bebyggelsesplaner som skal gjelde uendra er vist på plankartet i form av omsynssoner. Dersom det er motstrid mellom kommuneplan og reguleringsplan, gjeld sist vedtekne plan.

Nokre av reguleringsplanane har føresegner som ikkje gir gode nok føringar for arealbruken i området. Det kan blant anna vere at dei manglar utnyttingsgrad, krav om leikeplass eller liknande. Når det er slike tema som ikkje er avklart eller handsama i reguleringsplanane er kommuneplanen meint å utfylle desse planane.

Når det gjeld reguleringsplanane som manglar byggjegrense mot sjø har desse fått byggjegrense i kommuneplankartet. Byggjegrensa er vurdert utifrå plassering av eksisterande bebyggelse. Dei generaliserte føremåla har ikkje namn i plankartet då det fortsatt er føresegne i reguleringsplanen som er styrande for utviklinga i områda.

11 Barn og unge i planlegginga

«Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga» omhandlar kommunen sitt ansvar for barn og unges oppvekstmiljø, og kva krav som vert satt til den kommunale planprosessen for å ivareta desse.

Korleis det er der barn veks opp er avgjerande for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Barna sin kvardag blir meir og meir stillesittande. Å skape omgjevnadar som gjev rom for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfalding vert stadig meir viktig. Barn treng ulike moglegheiter for utfalding av aktivitetar og ulike typar møteplassar avhengig av alder.

I planlegginga er det derfor viktig å sikre og skape gode plasser for barn som gjev rom for utfalding. Samtidig som vi ikkje må gløyme litt større barn som gjerne treng større område til andre typar aktivitetar som sykling, ballspel, skating med meir. Utfordringa er å avsette areal for barn og unge i tettstadane og i nærområda der dei bur. For barn som veks opp i spreidd busetnad på ulike stader i grendene er dette med leike – og tumleareal ikkje det same behovet som tilrettelegging i tettstadane. Ved planlegging og lokalisering av bustadareal er trygge skulevegar viktig og at det er gang– og sykkelvegsamband frå bustadfelt til skule og sentrumsområda.

Etter ny lov er kravet om barnerepresentant tatt ut og erstatta med at kommunestyret skal sørge for å etablere ein særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

I arbeid med dei reguleringsplanane der det er relevant å tenkje på born og unge har barnerepresentanten vore ein fast representant i arbeidsgruppa.